



Kinn kommune

Møtebok

Utval: Kommunestyret
Møtestad: Florø kulturhus
Dato: 05.03.2026
Tid: Kl. 09:00 - 15:10

Følgjande medlemmer møtte	Parti
Anders Ole Sunnarvik	Kinn AP
Doris Christensen	Kinn AP
Ninja Tolo Ness	Kinn AP
Silje Ødegård Standal	Kinn AP
Bente Nygård	Kinn AP
Anett Berg	Kinn FrP
Frank Willy Pedersen Djuvik	Kinn FrP
Jan Gunnar Holvik	Kinn FrP
Kjell Bjørn Refvik	Kinn FrP
Lillian Bratholmen	Kinn FrP
Mats Brunsvik	Kinn FrP
Miriam Johanne Nesje	Kinn FrP
Ronny Mobakken	Kinn FrP
Ørjan Kvalheim	Kinn FrP
Arlene Vågene	Kinn H
Bengt Solheim-Olsen	Kinn H
Bente Olseth	Kinn H
Dagrun Almenning Kvalheim	Kinn H
Hanne Eva Husebø Kristensen	Kinn H
Gustav Johan Nydal	Kinn KrF
Geir Ole Oldeide	Kinn Rødt
Hege Chatrine Brandsøy	Kinn Rødt
Kjell-Jarle Oldeide	Kinn Rødt
Anita Eikevik	Kinn SP
Elisabeth Halsne	Kinn SP
Jan Arve Midtbø	Kinn SP
Siri Odijk Solbakken	Kinn SV
Anne Marit Seljeseth	Kinn V
Edvard Iversen	Kinn V
Jacob Andrè Telvik Nødseth	Kinn V
Morten Andreas Hagen	UAH
Magne Ove Midtbø	Kinn SP

Forfall	Parti	Varamedlem	Parti	
Ola Teigen	Kinn AP	Karianne Torvanger	Flora AP	Kinn AP
Ronny Cassells	Kinn AP	Inger Strand Kvalheim	Kinn AP	
Tor Åge Gravdal	Kinn AP	Yngve Moan	Kinn AP	
Aud Norunn Vig	Kinn KrF	Johan Vadøy	Kinn KrF	
Daniel Erik Adrian	Kinn	Kent Hammersvik	Kinn Rødt	
Henriksson	Rødt			
Kjell-Magne Kvalheim	Kinn FrP	Bjarne Holme	Kinn FrP	
Jon Valur Olafsson	Kinn SV	Anette Stene Seljen	Kinn SV	

Andre som møtte:

Kjell Heggen, leiar kontrollutvalet

Frå administrasjonen møtte:

Øyvind Bang-Olsen, kommunedirektør

Linda Nipen, kommunalsjef

Rolf Bjarne Sund, kommunalsjef

Runa Nybakk, kommunalsjef

Elin Sørbotten, kommunalsjef

Norvall Bakke, rekneskapssjef

Mari Halsør, spesialkonsulent

Henrik Ulriksen, spesialkonsulent

Ymse:

Repr. Nydal (KrF) fråtrødde møtet etter sak 027/26.

Repr. Eikevik (SP) fråtrødde kl 13.45, etter sak 032/26. Vara Ove Magne Midtbø tiltredde.

Måløy, 06.03.2026

Bengt Solheim-Olsen

Ordførar

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
021/26	Godkjenning av innkalling og sakliste
022/26	Godkjenning av møteprotokoll
023/26	Orienteringar
024/26	Spørsmål
001/26	Spørsmål - Økonomi som barrierer for deltaking i kultur og idrett
002/26	Spørsmål - Befolkningsutvikling
025/26	Refererte skriv og meldingar
026/26	Forvaltningsrevisjon - forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale bygg, rapporten - Kinn kontrollutval
027/26	Årsmelding 2025 - Kinn kontrollutval
028/26	Årsplan 2026 - Kinn kontrollutval
029/26	Endring av overordna samarbeidsavtale Sogn og Fjordane helsefellesskap
030/26	Delavtale tilvising, innlegging og utskriving frå sjukehus
031/26	Kvalitetsrapport. Brukarundersøking omsorgstenester 2025
032/26	Førebyggjande plan mot vald og overgrep
033/26	Lovlegkontroll k-sak 26/017 - Handsaming av detaljregulering Måsholmen - Håskjæra
034/26	Administrasjonslokaler Florø - ny handsaming av leigeavtale med kjøpsopsjon
035/26	Refvik - finansiering og igangsetting nytt avløpsanlegg med vassforsyning
036/26	Rådgjevande folkerøysting - endring av målform ved Skram skole
037/26	Salsløyve -Coop Nordvest SA- 2024-2028
038/26	Region Fjordane - vidareføring av samarbeidet
039/26	Samarbeidsavtale for Forsvarsforum Vestland IPR
040/26	Suppleringsval - Kinn eldreråd
041/26	Suppleringsval - Kinn forliksråd
042/26	Interpellasjonar
001/26	Interpellasjon - Arbeid med strategisk viktige saker for Kinn



Saksnr.	Utval	Møtedato
021/26	Kommunestyret	05.03.2026

Godkjenning av innkalling og sakliste

KOST- 021/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Behandling i Kommunestyret 05.03.2026:

Godkjenning av innkalling:

Ingen merknadar.

Godkjenning av sakliste:

Ingen merknadar.

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.

KOST- 021/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.



Saksnr.	Utval	Møtedato
022/26	Kommunestyret	05.03.2026

Godkjenning av møteprotokoll

KOST- 022/26 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Møteprotokoll frå siste møte ligg i Acos møteportal og på Kinn kommune si heimeside.

Behandling i Kommunestyret 05.03.2026:

Ingen merknadar.

Røysting:


Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.

KOST- 022/26 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Vedlegg i saken:

Protokoll - Kommunestyret - 29.01.2026



Saksnr.	Utval	Møtedato
023/26	Kommunestyret	05.03.2026

Orienteringar

KOST- 023/26 Vedtak:

Orienteringane vert teke til vitande.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Orienteringane vert teke til vitande.

Orienteringar:

Audun Lysbakken, ny leiar i Vestnorsk Brusselkontor

Kystmuseet v/Jan Heggheim

Rekneskapen 2025 v/kommunalsjef Nipen

Behandling i Kommunestyret 05.03.2026:

Orienteringar:

Audun Lysbakken, direktør i Vest-Norges Brusselkontor, orienterte om sitt arbeid.

Jan Heggheim og Anette Langedal Holme orienterte om ny kurs for Kystmuseet i Sogn og Fjordane.

Kommunalsjef Nipen orienterte om rekneskapen 2025. Presentasjon er lagt ved saka.

Røysting:


Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

KOST- 023/26 Vedtak:

Orienteringane vert teke til vitande.

Vedlegg i saken:

Årsrekneskap 2025 - Kinn kommune - presentasjon 05.03.26



Saksnr.	Utval	Møtedato
024/26	Kommunestyret	05.03.2026

Spørsmål

KOST- 024/26 Vedtak:

Ingen vedtak.

Behandling i Kommunestyret 05.03.2026:

SP v/repr. Midtbø:

Stiller spørsmål om status på Brandsøyvegen og om rekkverk i Grøndalen – kan kommunen gå inn å forskuttere noko der?

Svar frå ordførar:

Status er lik som før, men bør følgjast opp.

AP v/repr. Christensen:

Kva er framdrift i saka om godtgjersle til folkevalde, som vart sendt over frå formannskapet til gruppeleiarutvalet? Bekymra for at folkevalde eller administrasjonen har gjort noko feil, og ønskjer å belyse det. Ber kommunedirektøren om meir informasjon.

FrP v/repr. Djuvik supplerer:

Saka skal opp i gruppeleiarutvalet. Oppmodar om å sende spørsmål til administrasjonen før møtet, så dei kan svarast ut i møtet.

Svar frå kommunedirektøren:

Administrasjonen skal forsøke å svare på alle spørsmåla til gruppeleiarutvalet.

FrP v/repr. Djuvik:

Ønskjer orientering om vidare framdrift i kommunestyret, slik som vart gjeve i formannskapet.

Kommunalsjef Rolf Bjarne Sund orienterte:

Mange innspel og merknadar, motsegn.

2 alternativ for framdrift:

Alternativ 1: Gjere dei små endringane, men ikkje legge inn nye områder som må sendast til departementet. Det er raskast alternativ for å få vedteke planen no.

Alternativ 2: Legge inn nye områder, som krev ny høyring og handsaming i departementet.

Ein har hatt gode møter med statsforvaltar og nokre næringsaktører, og ein har fått mange tilbakemeldingar om ønskje om bygging i distrikta.

Gjer no eit grep for vurdering av rasfare, kostar pengar, har hatt fleire møter med NVE, for å få opna litt opp for å få til spreidd bebyggelse.

Komande møte i plan- og miljøutvalet blir avgjerande for korleis framdrifta blir.

Leiar i plan- og miljøutvalet, Vågene supplerer:

Det blir gjort eit grundig arbeid i plan- og miljøutvalet, oppmodar gruppene til å kome med innspel i god tid før komande møte. Det er viktig at kommunen no får vedta arealplanen.

Innsendte spørsmål besvart i underliggande saker.

KOST- 024/26 Vedtak:

Ingen vedtak.

Underliggande sak:

001/26, Spørsmål - Økonomi som barrierer for deltaking i kultur og idrett

Ingen røysting, ingen vedtak.


002/26, Spørsmål - Befolkningsutvikling

Ingen røysting, ingen vedtak.

Vedlegg i saken:

002/26 Svar frå ordførar - Befolkningsutvikling

002/26 Svar frå ordførar - Befolkningsutvikling



Saksnr.	Utval	Møtedato
001/26	Kommunestyret	05.03.2026

Spørsmål - Økonomi som barrierer for deltaking i kultur og idrett

KOST- 001/26 Vedtak:

Ingen røysting, ingen vedtak.

Behandling i Kommunestyret 05.03.2026:

Spørsmål frå Venstre v/repr. Nødseth - Økonomi som barrierer for deltaking i kultur og idrett

Har Kinn kommune identifisert grupper i samfunnet som opplever hindringar/barrierer for deltaking i kultur og idrett knytt til økonomi?

Kan ordførar gjere greie for kva det kostar for barn og unge å ta del i fritidsaktivitetar i Kinn, som organisert idrett, kulturskule mv?

Kva strategiske grep gjer kommunen for å gjere det mogleg for fleire å ta del i kultur og idrett i Kinn, fordelt på ulike demografiske grupper (t.d. barn, unge, eldre, menneske med funksjonsnedsettingar mv.)

Korleis kan Kinn arbeide målretta med å bli betre på dette området for å gje rom til fleire på fellesskapsarenaer i Kinn?

Svar frå ordførar:

Generelt

Ja, økonomi kan heilt klart vere barriere for deltaking i kultur og idrett. Det veit vi frå nyare forskning, og frå erfaringar i eigen kommunen. Kommunen tek dette på alvor. Det har over tid vore arbeid med dette spørsmålet. Eg meiner kommunen sine tiltak har vore med å redusere utfordringane. Oppsummert bruke vi om lag kr. 700 000 i året på utjamningstiltak. Dette er finansiert både frå kommunen si ramme og eksterne tilskot. Eg kjem meir inn på konkrete tiltaka under dei konkrete spørsmåla.

Har Kinn kommune identifisert grupper i samfunnet som opplever hindringar/barrierer for deltaking i kultur og idrett knytt til økonomi?

Kommunen har ei brei tilnærming der det er samarbeide mellom tenester og med lag/organisasjonar og fritidstilbydarar. Dette gjer oss kunnskap om enkeltpersonar og grupper i samfunnet som på ulike måtar opplever hindringar for deltaking i kultur og

idrett med bakgrunn i økonomi.

Det er iverksett tiltak for å forsøke å utjamne slike forskjellar gjennom fritidserklæringa for barn/unge 6-18 år. Vidare har Kinn kommune gratis bruk av gymsalar på skulane for dei under 19 år.

Kinn kommune abonnerer på Idrettsindeksen og Kulturindeksen frå Telemarksforsking og tal frå Ung Data mm og har difor tilgang til ein del statistikk og tal. Oppvekst- og kulturutvalet har fått orientering om Kulturindeksen for Kinn.

Kan ordførar gjere greie for kva det kostar for barn og unge å ta del i fritidsaktivitetar i Kinn, som organisert idrett, kulturskule mv?

Nokre døme på kva det koste å vere med i aktivitet.

Treningsavgift pr år

Handball i Florø.

6 – 9 år kr. 1000

10 – 11 år kr. 2000

12 år kr. 3000

13 – 16 år kr. 3800

Senior A lag kr 4000

Senior 2 lag kr. 2800

Fotball i Florø

6 år kr. 700

7 – 8 år kr. 1000

9 - 10 år kr. 2000

11 – 12 år kr. 2600

13 og eldre kr. 2600

Senior bredde kr. 1600

Måløy turn

Under 10 år, mellom kr. 1200 og 1500

10 år og oppover, mellom kr, 2800 og 3200

Måløy fotball

Under 10 år gratis

11 år kr. 2000

12 år kr. 2400

13 – 14 år kr. 2700

15 – 16 år kr. 3000

17 år og over kr. 3300

På direkte spørsmål om kva treningsavgifta går til, er tilbakemeldinga, stort sett, at inntekt frå treningsavgift er tilsvarande det klubbane betale for hall/baneleige.

Prisane varierer frå idrett til idrett. I dei fleste tilfelle kjem forsikring, medlemsavgift, turneringar, utstyr mm i tillegg. Det er og ulikt krav til utstyr mellom idrettane. I fleire av laga er det gjenbruks- og bytteordningar på utstyr og kle. BUA utstyrssentral låner ut gratis utstyr både i Florø og Måløy.

Det er også andre lag og modellar i kommunen som ikkje er nemnd her.

Så har vi døme på at klubbane ikkje har treningsavgift. Tydlegast er det i Eikefjord. Her er det laga ein avtale mellom Eikefjord I.L og kommunen om at laget står for drift av idrettshallen, noko som betyr ei svært låg halleige. Dette inneberer at dei kan drive aktivitet utan treningsavgift for barn og unge.

Dans utan grenser kostar kr 1400 pr år.

Kulturskule 20 minutt undervisning ein gong i veka er 3840,- per år.

Prisane i kor og korps varierer. I korpsa er uniformer og instrument m.v. inkludert i kontingenten.

Kva strategiske grep gjer kommunen for å gjere det mogleg for fleire å ta del i kultur og idrett i Kinn, fordelt på ulike demografiske grupper (t.d. barn, unge, eldre, menneske med funksjonsnedsettingar mv.)

Kulturskulen er for alle og sentralt plassert i begge byane med universelt utforma bygg. Det er framsyningar og utstillingar i universelt utforma lokale så langt det let seg gjere.

Kulturskuletimen og instrumentsafari er inkluderande tiltak som er tilgjengeleg for alle som går i småskulen i SFO-tida. Dette er gratistilbod til elevar i 1. til 3 klasse der dei får kjennskap til song, rytme, ulike instrument, bevegelse, samspel og det å opptre.

Gjennom Den kulturelle skulesekken (DKS) og Den kulturelle spaserstokken (DKSS) har kommunen arrangement og framsyningar som er inkluderande og tilgjengelege.

Kommunen har innført fritidserklæringa for barn/unge 6-18 år, ei søknadsbasert ordning. Dette betyr at alle barn i kommunen har rett til å kunne delta i ein fritidsaktivitet. Aktivitetstilbydar blir kompensert økonomisk for at dette skal kunne skje.

Aktuelle delar av administrasjonen samarbeider internt og eksternt, t.d. med musea om ulike grep for at eldre og menneske med nedsett funksjonsevne skal kunne delta i fritidsaktivitetar og få gode opplevingar i kvardagen.

Vidare har kommunen tilskotsordningar på sosial utjamning for alle aldersgrupper. Administrasjonen planlegg ei sak til Oppvekst- og kulturutvalet i løpet av våren, kor nye kriteria for slike tilskott vil vere tema.

Kinn kommune legg til rette for fleire ulike opne møteplassar for småbarnsfamiliar og andre grupper på til dømes open gymsal, og det er i skuleferiane vanlegvis gratis kinoframsyningar. Ungdomsklubbane er opne, gratis møteplassar for ungdom i alderen 13-19 år og er i drift heile året.

Dette er bere nokre døme.

Korleis kan Kinn arbeide målretta med å bli betre på dette området for å gje rom til fleire på fellesskapsarenaer i Kinn?

Det viktigaste er å fortsette det arbeidet som er sett i gong. I dette arbeidet er det viktig at det er forståing for at økonomi er ei barriere for deltaking i aktivitet. Vidare er det viktig å merke seg at treningsavgift i dei fleste tilfelle er knytt til leige, eller bruk av anlegg og hallar. Det er to prinsipielle måtar å nærme seg denne utfordringa på:

1. Løyse utfordringa gjennom universelle tiltak. I praksis reduserer leigeprisane. Dette vil ha ein konsekvens for dei kommunale budsjetta. Her må vi vere klar over at gymsalar på skulane allereie er gratis for barn og unge.
2. Gjennom meir målretta tiltak, t.d. gjennom fritidserklæringa som vi har innført, og ulike tilskott knytt til sosial utjamning.

Svaret er nok ikkje enten eller, men tiltak innanfor begge prinsippa, slik vi har i dag. Målretta tiltak vil vere minst økonomisk krevjande for kommunen.

Modellen vi har i Eikefjord kan vere ein modell å sjå til, når kommunen skal arbeide vidare med dette.

Det er og viktig å få til auka dialog med idrettsråd og musikkråd med dette som tema. Gjennom desse paraplyorganisasjonane når ein ut til hovuddelen av fritidsaktivitetane. Dialog med desse organisasjonsledda er viktig når vi skal finne dei riktige tiltaka.


Svaret er også sendt til kommunestyret på e-post.

KOST- 001/26 Vedtak:

Ingen røysting, ingen vedtak.

Vedlegg i saken:

metadata_Interpellasjon og spørsmål



Saksnr.	Utval	Møtedato
002/26	Kommunestyret	05.03.2026

Spørsmål - Befolkningsutvikling

KOST- 002/26 Vedtak:

Ingen røysting, ingen vedtak.

Behandling i Kommunestyret 05.03.2026:

Spørsmål frå Venstre v/repr. Nødseth - Befolkningsutvikling

Kinn kommune publiserte 26. februar 2026 tal for befolkningsutviklinga i Kinn i 2025 på sine nettsider. Vedlagt ligg nettsaka i sin heilskap.

For kommunestyret og ålmenta vil det vere av åpenbar interesse å vite fleire detaljar i dette internt i kommunen, til dømes mellom kommunedelar, tettstadar mv. Det kan tenkast at nokre område ser større eller mindre nedgang, eller sågar vekst. Det er viktige detaljar å få fram, særleg for oss som sit med overordna ansvar for samfunnsplanlegging og styring i Kinn kommune.

Kan kommunen sin administrasjon legge fram slike tal skriftleg til kommunestyremøtet, og innføre ein praksis om å legge dette fram når nye tal ligg føre gjennom 2026 og vidare frå SSB?

Svar frå ordførar:

Svar frå ordførar er lagt ved som vedlegg i saka, inkludert folketalsrapport.


Svaret er også sendt til kommunestyret på e-post.

KOST- 002/26 Vedtak:

Ingen røysting, ingen vedtak.

Vedlegg i saken:

Fødselsrekord i Kinn – men framleis nedgang i folketallet - Kinn kommune
metadata_Interpellasjon og spørsmål



Saksnr.	Utval	Møtedato
025/26	Kommunestyret	05.03.2026

Refererte skriv og meldingar

KOST- 025/26 Vedtak:

Meldingane vert teke til etterretning slik dei ligg føre.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Meldingane vert teke til etterretning slik dei ligg føre.

Behandling i Kommunestyret 05.03.2026:

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding samrøystes vedteke.


KOST- 025/26 Vedtak:

Meldingane vert teke til etterretning slik dei ligg føre.

Underliggende sak:

001/26, Høring - Forslag om midlertidig endring av alkohollovens bestemmelse om maksimaltid for skjenking under fotball-VM for herrer 2026

002/26, Møteprotokoll - Kinn kontrollutval - 26.01.2026



Saksnr.	Utval	Møtedato
026/26	Kommunestyret	05.03.2026

Forvaltningsrevisjon - forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale bygg, rapporten - Kinn kontrollutval

KOST- 026/26 Vedtak:

1. Kommunestyret tek til vitende forvaltningsprosjektet "Forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale bygg», utarbeida av Vestland revisjon KO, datert 19.01.2026.
2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine tilrådingar skal følgjast/utførast:
 - a. Prioritere utarbeiding av temaplan for forvaltning av bygg, anlegg og eigedomar. Planen skal leggst fram for politisk handsaming i 2026.
 - b. Kinn kommune skal utarbeide ein framdriftsplan for gjennomføring av tilstandsvurdering av dei kommunale bustadane.
 - c. Kommunedirektøren skal rapportere om framdrift i arbeidet med å få lagt inn dei data og oppgåver som er naudsynte for å kunne hente ut vedlikehaldsplanar i Famac.
3. Kommunestyret vedtek at kommunedirektøren skal lage ei prioritert oversikt til kontrollutvalet innan 31.05.2026 som viser kva tiltak som skal settast i verk for å følge opp tilrådingane i rapporten, kva tid tiltaka skal settast i verk og kven som har ansvaret for iverksetting.

Kontrollutvalet si tilråding til kommunestyret:

1. Kommunestyret tek til vitende forvaltningsprosjektet "Forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale bygg», utarbeida av Vestland revisjon KO, datert 19.01.2026.
2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine tilrådingar skal følgjast/utførast:
 - a. Prioritere utarbeiding av temaplan for forvaltning av bygg, anlegg og eigedomar. Planen skal leggst fram for politisk handsaming i 2026.
 - b. Kinn kommune skal utarbeide ein framdriftsplan for gjennomføring av tilstandsvurdering av dei kommunale bustadane.
 - c. Kommunedirektøren skal rapportere om framdrift i arbeidet med å få lagt inn dei data og oppgåver som er naudsynte for å kunne hente ut vedlikehaldsplanar i Famac.
3. Kommunestyret vedtek at kommunedirektøren skal lage ei prioritert oversikt til kontrollutvalet innan 31.05.2026 som viser kva tiltak som skal settast i verk for å følge opp tilrådingane i rapporten, kva tid tiltaka skal settast i verk og kven som har ansvaret for iverksetting.

Bakgrunn for saka:

Kinn kontrollutval behandla i sak 50/24 ei bestilling av forvaltningsprosjekt knytt til forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale bygg. Prosjektrapporten er no ferdigstilt, kontrollutvalet behandla saka 26.01.2026 i sak 04/26, og sender saka vidare til kommunestyret for endeleg behandling.

Saksopplysningar:

Forvaltningsrevisjon er ei lovpålagt oppgåve, jf. kommunelova § 23-2. Kontrollutvalet har ansvaret for å sjå til at det vert utført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda og av selskap kommunen har eigarinteresser i.

Forvaltningsrevisjon inneber å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regeletterleving, måloppnåing og verknadar ut frå kommunestyret sine vedtak, jf. kommunelova § 23-3.

Prosjektplan utarbeidd 07.01.2025 vart godkjend av kontrollutvalet i Kinn i sak 04/25.

Målsettinga for dette forvaltningsprosjektet var å gje eit bilete av kvar Kinn kommune står i arbeidet med å få kartlagt vedlikehaldssituasjonen og vedlikehaldsstatus i sine bygg og kva fokus vedlikehald har i arbeidet med å utvikle kommunen.

Med utgangspunkt i bestillinga frå kontrollutvalet vart det utarbeidd følgjande problemstillingar for prosjektet:

1. Har Kinn kommune politisk vedtekne planar for vedlikehald av bygg?
2. Kva system og rutiner har Kinn kommune for kartlegging, planlegging, dokumentasjon av behov for og prioritering av naudsynt vedlikehald på kommunale bygg?
3. I kva grad er kommunal eigedom og anna infrastruktur tilstandsvurdert? Og kva norm vert lagt til grunn for vurderingane?
4. I kva grad viser rapportering av standard på bygg konsekvensar på lengre sikt av nivå på løyvingar i årsbudsjett og økonomiplan?

I tillegg bad kontrollutvalet om ein gjennomgang av særleg avhending av eigedom vurdert mot politiske føringar. Revisjonen har utarbeidd ei skildring av denne problemstillinga med kommentarar på kva som er kartlagt (side 11/12 i vedlegg).

Rapporten vart sendt til høyring hos kommunedirektøren i Kinn kommune.

Det vert elles vist til rapporten i si heilheit som ligg vedlagt.

Kinn kontrollutval fatta i møte 26.01.2026, i sak 04/26, følgjande vedtak:

Kontrollutvalet kjem med slik tilråding til kommunestyret:

1. Kommunestyret tek til vitende forvaltningsprosjektet "Forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale bygg», utarbeida av Vestland revisjon KO, datert 19.01.2026.
2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine tilrådingar skal følgjast/utførast:
 - a. Prioritere utarbeiding av temaplan for forvaltning av bygg, anlegg og eigedomar. Planen skal leggst fram for politisk handsaming i 2026.
 - b. Kinn kommune skal utarbeide ein framdriftsplan for gjennomføring av tilstandsvurdering av dei kommunale bustadane.
 - c. Kommunedirektøren skal rapportere om framdrift i arbeidet med å få

- lagt inn dei data og oppgåver som er naudsynte for å kunne hente ut vedlikehaldsplanar i Famac.
3. Kommunestyret vedtek at kommunedirektøren skal lage ei prioritert oversikt til kontrollutvalet innan 31.05.2026 som viser kva tiltak som skal settast i verk for å følge opp tilrådingane i rapporten, kva tid tiltaka skal settast i verk og kven som har ansvaret for iverksetting.

Økonomiske konsekvensar:

Ikkje relevant.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Kommunelova §§ 22 og 23

Forskrift om kontrollutval og revisjon

Behandling i Kommunestyret 05.03.2026:

Charles Litsheim frå Vestland revisjon KO gjekk gjennom rapporten.

Raudt v/repr. Kjell Oldeide bemerkar at det i møteportalen er feil nummerering ifht. saksframlegget. Det er kun i møteportalen.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.


KOST- 026/26 Vedtak:

1. Kommunestyret tek til vitende forvaltningsprosjektet "Forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale bygg», utarbeida av Vestland revisjon KO, datert 19.01.2026.
2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine tilrådingar skal følgjast/utførast:
 - a. Prioritere utarbeiding av temaplan for forvaltning av bygg, anlegg og eigedomar. Planen skal leggjast fram for politisk handsaming i 2026.
 - b. Kinn kommune skal utarbeide ein framdriftsplan for gjennomføring av tilstandsvurdering av dei kommunale bustadane.
 - c. Kommunedirektøren skal rapportere om framdrift i arbeidet med å få lagt inn dei data og oppgåver som er naudsynte for å kunne hente ut vedlikehaldsplanar i Famac.
3. Kommunestyret vedtek at kommunedirektøren skal lage ei prioritert oversikt til kontrollutvalet innan 31.05.2026 som viser kva tiltak som skal settast i verk for å følge opp tilrådingane i rapporten, kva tid tiltaka skal settast i verk og kven som har ansvaret for iverksetting.

Vedlegg i saken:

Saksframlegg - Forvaltningsrevisjon - forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale bygg, rapporten

Forvaltningsrevisjon FDV kommunale bygg - endeleg rapport



Saksnr.	Utval	Møtedato
027/26	Kommunestyret	05.03.2026

Årsmelding 2025 - Kinn kontrollutval

KOST- 027/26 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner årsmelding 2025 for Kinn kontrollutval.

Kontrollutvalet si tilråding til kommunestyret:

Kommunestyret godkjenner årsmelding 2025 for Kinn kontrollutval.

Bakgrunn for saka:

Kinn kontrollutval har utarbeida årsmelding 2025 og sendt saka til kommunestyret for behandling.

Saksopplysningar:

Kinn kontrollutval har i møte 26.01.2026, i sak 05/26, fatta følgjande vedtak:

Kontrollutvalet sender saka over til kommunestyret med følgjande framlegg til vedtak:
Kommunestyret godkjenner årsmelding 2025 for kontrollutvalet.
Årsmelding 2025 er lagt ved saka.

Vurderingar:

Sjå dokument frå Kinn kontrollutval, som ligg som vedlegg i saka.

Økonomiske konsekvensar:

Ikkje relevant.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Kommunelova §§ 22 og 23
Forskrift om kontrollutval og revisjon

Behandling i Kommunestyret 05.03.2026:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

KOST- 027/26 Vedtak:


Kommunestyret godkjenner årsmelding 2025 for Kinn kontrollutval.

Vedlegg i saken:

Saksframlegg - Årsmelding 2025 for Kinn kontrollutval

Årsmelding 2025 Kinn kontrollutval

Vedtaksoppfølging Kinn kontrollutval 2025



Saksnr.	Utval	Møtedato
028/26	Kommunestyret	05.03.2026

Årsplan 2026 - Kinn kontrollutval

KOST- 028/26 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner årsplan 2026 for Kinn kontrollutval.

Kommunestyret bed kontrollutvalet vurdere å få gjort ein gjennomgang av praktiseringa av kommunen si forskrift om godtgjersle til folkevalde.

Kontrollutvalet si tilråding til kommunestyret:

Kommunestyret godkjenner årsplan 2026 for Kinn kontrollutval.

Bakgrunn for saka:

Kinn kontrollutval har utarbeida årsplan for 2026 og har sendt saka over til kommunestyret for behandling.

Saksopplysningar:

Kinn kontrollutval har i møte 26.01.2026 i sak 06/26, fatta følgjande vedtak:

Kontrollutvalet sender saka over til kommunestyret med følgjande framlegg til vedtak:
Kommunestyret godkjenner årsplan 2026 for kontrollutvalet.

Vurderingar:

Sjå dokument frå Kinn kontrollutval, som ligg som vedlegg i saka.

Økonomiske konsekvensar:

Ikkje relevant.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Kommunelova §§ 22 og 23
Forskrift om kontrollutval og revisjon

Behandling i Kommunestyret 05.03.2026:

Forslag frå Raudt, AP og SV, foreslått av Geir Ole Oldeide, Kinn Raudt

1. Kommunestyret bed kontrollutvalet vurdere å få gjort ein gjennomgang av praktiseringa av kommunen si forskrift om godtgjersle til folkevalde.
2. Kommunestyret bed kontrollutvalet komme tilbake med eit framlegg til plan for korleis dette kan gjerast, herunder omfang og kostnad.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

Tilleggsframlegg frå AP, SV og Raudt v/repr. Geir Oldeide pkt. 1 samrøystes vedteke.

Tilleggsframlegg frå AP, SV og Raudt v/repr. Geir Oldeide pkt. 2 falt med 15 røyster (4 Raudt, 8 AP, 2 SV og 1 KrF v/Vadøy).

KOST- 028/26 Vedtak:


Kommunestyret godkjenner årsplan 2026 for Kinn kontrollutval.

Kommunestyret bed kontrollutvalet vurdere å få gjort ein gjennomgang av praktiseringa av kommunen si forskrift om godtgjersle til folkevalde.

Vedlegg i saken:

Årsplan 2026 for Kinn kontrollutval

Saksframlegg - Årsplan 2026 for Kinn kontrollutval



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
010/26	Kinn eldreråd	09.02.2026
008/26	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	09.02.2026
011/26	Helse-, sosial- og omsorgsutvalet	10.02.2026
029/26	Kommunestyret	05.03.2026

Endring av overordna samarbeidsavtale Sogn og Fjordane helsefellesskap

KOST- 029/26 Vedtak:

Kinn kommune godkjenner endring i overordna samarbeidsavtale mellom Helse Førde og kommunane.
Kommunedirektøren får fullmakt til å underteikne avtalane.

Vedtak som innstilling frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 09.02.2026

Kinn kommune godkjenner endring i overordna samarbeidsavtale mellom Helse Førde og kommunane.
Kommunedirektøren får fullmakt til å underteikne avtalane

Vedtak som innstilling frå Kinn eldreråd - 09.02.2026

Kinn kommune godkjenner endring i overordna samarbeidsavtale mellom Helse Førde og kommunane.
Kommunedirektøren får fullmakt til å underteikne avtalane.

Vedtak som innstilling frå Helse-, sosial- og omsorgsutvalet - 10.02.2026

Kinn kommune godkjenner endring i overordna samarbeidsavtale mellom Helse Førde og kommunane.
Kommunedirektøren får fullmakt til å underteikne avtalane.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kinn kommune godkjenner endring i overordna samarbeidsavtale mellom Helse Førde og kommunane.
Kommunedirektøren får fullmakt til å underteikne avtalane

Bakgrunn for saka og saksopplysningar:

Sogn og Fjordane helsefellesskap vart oppretta i 2021 som oppfølging til *Nasjonal helse- og sykehusplan 2020-2023*. Det vart skildra eit forslag til arbeidsdeling i helsefellesskapa med partnerskapsmøtet, strategisk samarbeidsutval og fagleg samarbeidsutval. Partnerskapsmøtet vart føreslått som eit årleg møte der politisk og administrativ toppleiing i kommunar og helseføretak kom saman for å forankre retning. Det strategiske samarbeidsutvalet skulle utvikle strategiar og handlingsplanar, samt handtere saker og fortløpande avgjerder. Strategisk samarbeidsutval skulle bestå av administrativ og fagleg leiing i kommunar og helseføretak. Dei faglege samarbeidsutvala var meint å skulle utvikle prosedyrar og tenestemodellar, og vere knytt tett på fagmiljøa i kommunane og helseføretaket.

I Sogn og Fjordane hadde ein etablert samarbeidsstrukturar som likna på helsefellesskapsmodellen, men ein kalla dei tre nivå for dialogmøte (partnerskapsmøtet), koordineringsrådet (strategisk samarbeidsutval) og fagrådet (fagleg samarbeidsutval). I samband med innføringa av helsefellesskap som omgrep valde ein å opprette Sogn og Fjordane helsefellesskap og i hovudsak behalde gamal organisering med nye namn på utvala. Etter nokre år erfaring med denne organiseringa er partnerane samde om at det er krevjande å skape konkret utviklingsarbeid og gjennomføre tiltak for å sikre meir samanhengande tenester. Ei av forklaringane som vert trekt fram er at vi manglar møtearenaer for fagfolka. Våre faglege og strategiske samarbeidsutval er begge administrative utval, og vi har ikkje lukkast i å knyte fagfolka tett på samhandlingsstrukturane. I hovudsak er det leiarar på nivå 2 og 3 som representerer i fagleg samarbeidsutval (FSU) og leiarar på nivå 1 og 2 som representerer i strategisk samarbeidsutval (SSU). I tillegg er fastlegerepresentasjonen sikra gjennomgåande i begge utvala saman med brukarrepresentantar.

Ny organisering:

FSU og SSU handsamar i dagens organisering mange av dei same sakene, og ein opplever til ei viss grad at det er stor avstand mellom diskusjonane i SSU og FSU og det direkte pasientretta arbeidet i tenestene. Det er eit uttalt ønske at ein ønsker å knytte fagfolka tettare på arbeidet i helsefellesskapet. SSU har difor føreslått å slå saman våre to administrative utval til eitt SSU, og samstundes opprette faglege samarbeidsutval som blir knytt til dei prioriterte pasientgruppene og vår strategi og handlingsplan. Ei slik endring vil vere i tråd med intensjonane til helsefellesskapa som er omtalt i *Nasjonal helse- og sykehusplan 2020-2023* og i *Nasjonal helse- og samhandlingsplan 2024-2027*. For å sikre heilskap og knyte dei faglege samarbeidsutvala til vårt strategiske samarbeidsutval føreslår strategisk samarbeidsutval å opprette eit arbeidsutval som blir eit bindeledd mellom det strategiske og faglege nivået. Arbeidsutvalet vil bli beståande av utvalde representantar frå strategisk samarbeidsutval.

Ei slik endring vil medføre konflikt med dagens overordna samarbeidsavtale. Strategisk samarbeidsutval føreslår difor at vi gjer ei tilpassing av overordna samarbeidsavtale gjennom eit tilleggskdokument til avtalen. På denne måten kan vi gjennomføre endringane raskt, og vi får høve til å hauste erfaringar av den nye organiseringa før vi førebur ein fullstendig revisjon av overordna samarbeidsavtale.

Vurderingar:

Partnerskapsmøtet i Sogn og Fjordane helsefellesskap tilrådde i sitt årlege møte 21.05.25 å endre overordna samarbeidsavtale i samsvar med det som er føreslått i saksframlegget med vedlegg.

- *Dagens faglege samarbeidsutval vert lagt ned.*
- *Strategisk samarbeidsutval opprettar nye faglege samarbeidsutval.*
- *Det vert oppretta eit arbeidsutval.*
- *Legg til kvinner i svangerskap, fødsel og barseltid som vår femte prioriterte pasientgruppe.*

Endringa trer i kraft frå 01.01.26

Basert på dette vedtaket og administrativ handsaming av saka i strategisk samarbeidsutval vert no tillegg til overordna samarbeidsavtale sendt ut til signering til partnerane.

Behandling i Kommunestyret 05.03.2026:

Røysting:

Innstilling frå Helse-, sosial- og omsorgsutvalet samrøystes vedteke.

KOST- 029/26 Vedtak:

Kinn kommune godkjenner endring i overordna samarbeidsavtale mellom Helse Førde og kommunane.

Kommunedirektøren får fullmakt til å underteikne avtalane.

Behandling i Helse-, sosial- og omsorgsutvalet 10.02.2026:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

HSOUV- 011/26 Vedtak:

Kinn kommune godkjenner endring i overordna samarbeidsavtale mellom Helse Førde og kommunane.

Kommunedirektøren får fullmakt til å underteikne avtalane.

Behandling i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 09.02.2026:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

RMNF- 008/26 Vedtak:

Kinn kommune godkjenner endring i overordna samarbeidsavtale mellom Helse Førde og kommunane.

Kommunedirektøren får fullmakt til å underteikne avtalane

Behandling i Kinn eldreråd 09.02.2026:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.


KIEL- 010/26 Vedtak:

Kinn kommune godkjenner endring i overordna samarbeidsavtale mellom Helse Førde og kommunane.

Kommunedirektøren får fullmakt til å underteikne avtalane.

Vedlegg i saken:

Tilleggsdokument til overordna samarbeidsavtale



Saksnr.	Utval	Møtedato
009/26	Kinn eldreråd	09.02.2026
007/26	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	09.02.2026
010/26	Helse-, sosial- og omsorgsutvalet	10.02.2026
030/26	Kommunestyret	05.03.2026

Delavtale tilvising, innlegging og utskriving frå sjukehus

KOST- 030/26 Vedtak:

Kinn kommune godkjenner delavtale «tilvising, innlegging og utskriving frå sjukehus» mellom Helse Førde og Kinn kommune.

Vedtak som innstilling frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 09.02.2026

Kinn kommune godkjenner delavtale «tilvising, innlegging og utskriving frå sjukehus» mellom Helse Førde og Kinn kommune.

Vedtak som innstilling frå Kinn eldreråd - 09.02.2026

Kinn kommune godkjenner delavtale «tilvising, innlegging og utskriving frå sjukehus» mellom Helse Førde og Kinn kommune.

Vedtak som innstilling frå Helse-, sosial- og omsorgsutvalet - 10.02.2026

Kinn kommune godkjenner delavtale «tilvising, innlegging og utskriving frå sjukehus» mellom Helse Førde og Kinn kommune.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kinn kommune godkjenner delavtale «tilvising, innlegging og utskriving frå sjukehus» mellom Helse Førde og Kinn kommune.

Bakgrunn for saka:

Det er pågåande revideringsarbeid av delavtalar mellom Helse Førde og kommunane. Det vert med dette lagt fram Delavtale om tilvising, innlegging og utskriving frå sjukehus. I etterkant av politisk godkjenning signerer kommunedirektør på vegne av Kinn kommune.

Saksopplysningar:

Partane er etter [lov om kommunale helse- og omsorgstenester](#) § 6-1 m.fl. og [spesialisthelsetenestelova](#) § 2-1e, 2. ledd, pålagt å inngå samarbeidsavtale. Helse Førde HF og kommunane inngjekk i 2022 overordna samarbeidsavtale som regulerer samarbeidet mellom partane. I tillegg blir avtaleporteføljen på delavtalar revidert i tråd med endringar i lovverket og etableringa av Sogn og Fjordane helsefellesskap. Avtaleutvalet er oppnemnt av strategisk samarbeidsutval, og består pr november 2025 av følgende medlemmar:

Frå kommunane:

Kommunedirektør	Gunn Lerøy, Lærdal kommune
Kommunalsjef	Kurt Even Andersen, Sunnfjord kommune
Kommunalsjef	Alexander Rande, Stryn kommune
Samhandlingskoordinator	Kjell-Wernik Nystøyl, interkomm.
Sekretariat	Anne Marte Sølsnes, USHT

Frå Helse Førde HF:

Fagdirektør	Asle Kjørlaus
Klinikkdirektør, medisinsk klinikk	Trine H. Vingsnes
Stadleg leiar, Lærdal sjukehus	Vidar Øvrebø
Samhandlingssjef	Dagrun Kyrkjebø

Delavtale tilvising, innlegging og utskriving er no revidert og ligg ved. For å sikre medverknad og innspel frå kommunane og Helse Førde, har avtalen vore ute på gjennomsyn til kommunane og Helse Førde. Det vart gjort mindre endringar i avtaleutkastet etter innspelsrunden. Etter dette vart delavtalen handsama i fagleg samarbeidsutval 07.11.25 og strategisk samarbeidsutval 21.11.25.

Avtalen er revidert av ei arbeidsgruppe samansett av deltakarar frå partnarane:

- Benny Hansen, Gloppen kommune (leiar)
- Inghild Espeland Mowatt, Helse Førde
- Anita Lothe, Gloppen kommune
- Evelyn Stavang, Helse Førde
- Hjalmar Sletteland, Helse Førde
- Kristiane Laberg Seim, Årdal kommune
- Mona Skivenesvåg Løvø, Helse Førde
- Norunn Stavø, Kinn kommune
- Øyvin Helge Myrmel, Helse Førde
- Trude Njøs Helgås, Helse Førde
- Elin Sørbotten/Kjell-Wernik Nystøyl, interkommunal samhandlingskoordinator, har delteke på einskilde møter

Avtalen erstattar frå 01.01.26:

[delavtale-tilvising-innlegging-og-utskriving-fra-sjukehus-rev-mai-2019-pdf.pdf](#)

Vurderingar:

For å fremje godt samarbeid mellom kommunane og helseføretaket, til beste for pasient og brukar og deira pårørande, er det hensiktsmessig å ha tydelege avtalar og god struktur på samarbeidsforum.

Sogn og Fjordane helsefellesskap har dei siste åra jobba med revisjon av avtaleverket mellom spesialist og kommunehelsetenesta. Dette er viktige avtalar som regulerer samarbeidet til det beste for våre felles pasientar og brukarar.

Avtala som ligg vedlagt, til godkjenning, har vore sendt ut til partane for gjennomsyn og

moglegheit for innspel før dei er godkjende i fagleg og strategisk samarbeidsutval. Dei er difor forankra både i Helse Førde og kommunane.

Administrasjonen stiller seg positive til delavtala slik den ligg føre.

Behandling i Kommunestyret 05.03.2026:

Røysting:

Innstilling frå Helse-, sosial- og omsorgsutvalet samrøystes vedteke.

KOST- 030/26 Vedtak:

Kinn kommune godkjenner delavtale «tilvising, innlegging og utskriving frå sjukehus» mellom Helse Førde og Kinn kommune.

Behandling i Helse-, sosial- og omsorgsutvalet 10.02.2026:

Tilbakemelding HSO, må jobbe på mange nivå for å formidle det vidare til det politiske systemet. Ber om løypemelding.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

HSOUV- 010/26 Vedtak:

Kinn kommune godkjenner delavtale «tilvising, innlegging og utskriving frå sjukehus» mellom Helse Førde og Kinn kommune.

Behandling i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 09.02.2026:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

RMNF- 007/26 Vedtak:

Kinn kommune godkjenner delavtale «tilvising, innlegging og utskriving frå sjukehus» mellom Helse Førde og Kinn kommune.

Behandling i Kinn eldreråd 09.02.2026:

Røysting:


Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

KIEL- 009/26 Vedtak:

Kinn kommune godkjenner delavtale «tilvising, innlegging og utskriving frå sjukehus» mellom Helse Førde og Kinn kommune.

Vedlegg i saken:

Delavtale tilvising innlegging og utskriving



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
005/26	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	09.02.2026
006/26	Kinn eldreråd	09.02.2026
007/26	Helse-, sosial- og omsorgsutvalet	10.02.2026
031/26	Kommunestyret	05.03.2026

Kvalitetsrapport. Brukarundersøking omsorgstenester 2025

KOST- 031/26 Vedtak:

Kvalitetsrapporten – brukarundersøking omsorgstenestene hausten 2025 vert tatt til vitande.

Vedtak som innstilling frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 09.02.2026

Kvalitetsrapporten – brukarundersøking omsorgstenestene hausten 2025 vert tatt til vitande.

Vedtak som innstilling frå Kinn eldreråd - 09.02.2026

Kvalitetsrapporten – brukarundersøking omsorgstenestene hausten 2025 vert tatt til vitande.

Vedtak som innstilling frå Helse-, sosial- og omsorgsutvalet - 10.02.2026

Kvalitetsrapporten – brukarundersøking omsorgstenestene hausten 2025 vert tatt til vitande.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kvalitetsrapporten – brukarundersøking omsorgstenestene hausten 2025 vert tatt til vitande.

Bakgrunn for saka:

Saka er ei orientering om funna som kom fram gjennom brukarundersøking i pleie og omsorgstenestene hausten 2025. Funna er samla i ein vedlagt rapport, med funna, kort tolking, trendanalyse frå tidlegare undersøkingar, og samandrag og vidare arbeid. Føremålet med brukarundersøkinga er å få systematisk kunnskap om brukarar sine erfaringar med omsorgstenestene i Kinn kommune og bruke dette i kontinuerleg kvalitetsutvikling.

Saksopplysningar:

I oktober og november vart det gjennomført brukarundersøking i pleie og

omsorgstenestene. Det vart gjennomført 242 intervju av brukarar av heimetenestene, brukarar som bur i heildøgnsbemanna omsorgsbustader og brukarar på institusjon.

Brukarundersøkingar i pleie- og omsorgstenestene er eit viktig verkemiddel for å sikre kvalitet, utvikling og openheit. Dei gir brukarane moglegheit til å dele erfaringar og synspunkt på korleis tenestene fungerer i kvardagen. Målet med undersøkinga var å få kunnskap om korleis tenestemottakarane opplever kvaliteten i tilbodet – til dømes når det gjeld tryggleik, respekt, medverknad, tilgjenge og fagleg kompetanse. Resultata gir kommunen eit grunnlag for å vurdere om tenestene svarar til behova, og peikar på område der det er rom for forbedring.

Undersøkinga vart gjennomført med digitale hjelpemiddel. Brukarane vart spurt direkte, men Kinn kommune nytta det digitale verktøyet Imatis til innsamling og handsaming av data.

Vurderingar:

Viktigaste funn i 2025:

- Tryggleik og respekt: Brukarane opplever tenestene som trygge og forutsigbare, og blir i stor grad møtte med høflegheit og respekt. Dette er stabile styrkar over tid.
- Primærkontakt/koordinator: Kjennskap til primærkontakt er framleis mindre tydeleg for brukarane enn dei andre kjerneindikatorane. Trenden er positiv, men vidare innsats er naudsynt.
- Sosial kontakt og aktivitet: Brukarane rapporterer i hovudsak god sosial kontakt, men med større variasjon enn for tryggleik/respekt. Utviklinga sidan 2020 er positiv.
- Teknologi: 92 % av informantane nemner minst éi teknologisk løysing. Tryggleiksalarm er mest brukt, etterfølgt av digitale dørlåsar/BeKey og andre velferdsteknologiar.
- Tenestemiks: Dei mest brukte tenestene er helsehjelp/omsorg, praktisk bistand og tryggleiksteknologi. Matombringning og fysioterapi er viktige tillegg.
- Anna hjelp og frivillige: Brukarane mottar i varierende grad anna hjelp og frivillige tilbod. Lev Vel og Røde Kors er dei mest nemnde aktørane.
- Institusjon – heimeteneste – HDO: Der data skil tenesteform, viser resultata høg tilfredsheit i alle grupper. Nokre tema er meir relevante i enkelte tenesteformer, noko som forklarar ein del «ikkje relevant»-svar.

Samla vurdering av kvalitet: Brukarundersøkinga hausten 2025 viser eit overordna bilete av høg kvalitet og høg tilfredsheit med omsorgstenestene i Kinn kommune. Dei fleste svara ligg i beste kategoriar, og brukarane opplever i stor grad tenestene som trygge, respektfulle og tilstrekkelege i kvardagen. 2025-resultata stadfestar dei sterke kjerneområda som også kjem fram i 2020 og 2023, samstundes som nye utviklingstrekk – særleg innan teknologi – blir tydelegare.

Ved samanlikning av trendar vurderer vi at brukarundersøkinga gir verdifulle funn for tenestene. Det har tidlegare vore svake funn vedrørande sosial kontakt og aktivitet. Det er no er tydeleg positiv utvikling i sosial kontakt og aktivitet. Teknologi har hatt ein sterkt vekst, og er no standard for dei fleste brukarane. Primærkontakt/koordinator har betra seg noko, men er framleis eit konsistent forbedringsområde. Frivillige tilbod har styrka posisjonen sin som supplement til kommunale tenester.

Tilrådde vidare tiltak:

- 1) Styrke primærkontakt/koordinator-ordninga. Fortsette implementering
- 2) Vidareutvikle sosial kontakt og aktivitet.
- 3) Vidareføre og eventuelt utvide velferdsteknologi.
- 4) Styrke samarbeidet med frivillige.

Økonomiske konsekvensar:

Sjølve brukarundersøkinga har ikkje økonomiske konsekvensar.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Helse- og omsorgstjenesteloven

Forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenesten

Pasient og brukerrettighetsloven

Personopplysningsloven/GDPR

Behandling i Kommunestyret 05.03.2026:**Røysting:**

Innstilling frå Helse-, sosial- og omsorgsutvalet samrøystes vedteke.

KOST- 031/26 Vedtak:

Kvalitetsrapporten – brukarundersøking omsorgstenestene hausten 2025 vert tatt til vitande.

Behandling i Helse-, sosial- og omsorgsutvalet 10.02.2026:**Røysting:**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

HSOUV- 007/26 Vedtak:

Kvalitetsrapporten – brukarundersøking omsorgstenestene hausten 2025 vert tatt til vitande.

Behandling i Kinn eldreråd 09.02.2026:**Røysting:**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

KIEL- 006/26 Vedtak:

Kvalitetsrapporten – brukarundersøking omsorgstenestene hausten 2025 vert tatt til vitande.


**Behandling i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne
09.02.2026:****Røysting:**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

RMNF- 005/26 Vedtak:

Kvalitetsrapporten – brukarundersøking omsorgstenestene hausten 2025 vert tatt til vitande.

Vedlegg i saken:



Saksnr.	Utval	Møtedato
007/26	Kinn eldreråd	09.02.2026
004/26	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	09.02.2026
008/26	Helse-, sosial- og omsorgsutvalet	10.02.2026
009/26	Oppvekst- og kulturutvalet	10.02.2026
032/26	Kommunestyret	05.03.2026

Førebyggjande plan mot vold og overgrep

KOST- 032/26 Vedtak:

1. Førebyggjande plan mot vold og overgrep er vert vedtatt. Handlingane vert implementert i tenestene, med årleg evaluering gjennom årsrapportering.
2. Visjon vert lagt inn i planen: Kinn kommune har ein nullvisjon mot vold og seksuelle overgrep.
3. Det vert informert om nettsida detfinneshjelp.no i den førebyggjande planen. Administrasjonen finn ein høveleg stad å omtale dette.

Vedtak som innstilling frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 09.02.2026

Førebyggjande plan mot vold og overgrep er vert vedtatt. Handlingane vert implementert i tenestene, med årleg evaluering gjennom årsrapportering.

Vedtak som innstilling frå Kinn eldreråd - 09.02.2026

Førebyggjande plan mot vold og overgrep er vert vedtatt. Handlingane vert implementert i tenestene, med årleg evaluering gjennom årsrapportering.

Vedtak som innstilling frå Oppvekst- og kulturutvalet - 10.02.2026

Førebyggjande plan mot vold og overgrep er vert vedtatt. Handlingane vert implementert i tenestene, med årleg evaluering gjennom årsrapportering.
Kinn kommune har ein nullvisjon mot vold og seksuelle overgrep.
Nettsida detfinneshjelp.no vert lagt til i vedlegget i handlingsplanen.

Vedtak som innstilling frå Helse-, sosial- og omsorgsutvalet - 10.02.2026

1. Førebyggjande plan mot vold og overgrep er vert vedtatt. Handlingane vert implementert i tenestene, med årleg evaluering gjennom årsrapportering.
2. Visjon vert lagt inn i planen: Kinn kommune har ein nullvisjon mot vold og seksuelle

overgrep

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Førebyggjande plan mot vold og overgrep er vert vedtatt. Handlingane vert implementert i tenestene, med årleg evaluering gjennom årsrapportering.

Bakgrunn for saka:

Orientering om Handlungsplan i Vold i nære relasjonar redigert vertsjon vart handsama i kommunestyret i sak 096/25. Orienteringa art tatt til vitande, men det vart og vedtatt at; Det skal utarbeidast ein Handlungsplan som inkluderar ein handlingsdel om førebygging. Dette kan bli innarbeidd i Handlungsplanen mot vold i nære relasjonar.

Saka no er bearbeidd plan i tråd med kommunestyret sitt vedtak. Det er og gjort endringar etter medverknad frå rådet for mennesker med nedsett funksjonsevne, og medverknad frå Nok, Sogn og fjordane; Lågterskel hjelpetilbod og fagressurs og seksuelle overgrep. I tillegg har det vore medverknad frå Krisesenteret i Sogn og fjordane, Politiet, rvts Vest, og tverrfagleg arbeid i Kinn med Nav, barnevern, helsestasjon, oppvekst, pleie og omsorgstenestene, miljøtenesta og folkehelse.

Saksopplysningar:

Handlungsplan mot vold og overgrep er endra og fått ei meir handlingsretta framstilling som peikar på det viktige med å førebygge vald og overgrep. Kommunen sine strategiske satsingar i arbeidet er:

- Kunnskap og kompetanse
- Identifisere ofre
- Gode hjelpetilbod gjennom samhandling

Den reviderte planen sitt mål er å sikre eit hjelpetilbod som er kunnskapsbasert og samordna på kommunenivå. Handlungsplanen skal bidra til å styrke kunnskaps- og handlingsgrunnlaget ved å etablere forplikande samarbeid på tvers av sektorar, faggrupper og forvaltningsnivå. Det er og lagt eit meir tydeleg ansvar på tenestene.

Vi har oppdrag som handlar om **førebygging – våge å sjå**, om å **avklare – våge å spørje**, og til slutt to oppdrag som er knytt til å **handle – mot til handling**.

Handlingane (tiltaka) som ligg i planen: (ref. plan kap 2.1.1)

Førebyggjande tiltak:	Handling (tiltak)	Utdjuping av handlinga (tiltaket)
1. Handlinga/tiltaket vil gi auka kunnskap og handlingskompetanse hos innbyggjarar, pårørande og tilsette.	Barn og unge skal ha kunnskap om vald, krenkingar, seksualitet og kropp, vald knytt til seksualitet og vald i nære relasjonar. Kunnskap skal vera tilpassa alder og utvikling	Barnehagen skal ha fokus på tema, ved å snakke med barna om normer for samhandling og eigne grenser, jamfør rammeplan for barnehagen. Barnehagane i Kinn har inngått samarbeid med Nok, Sogn og Fjordane om «Hjertesamling», som er metode for førebygging av vold og seksuelle overgrep. Ansvar: Tenesteleiarar. Skulen skal sørge for at alle barn og unge får den naudsynte

		kunnskapen om tema omtala i kompetansemål etter 2., 4., 7. og 10. trinn og Vg1/Vg2 (jf. Nasjonal handlingsplan «Barndommen kommer ikke i reprise». Sjå læreplan for grundigare informasjon) Førebyggjande undervisningsopplegg for 5. trinn i grunnskulen om tema seksuelle overgrep i samarbeid med Nok. (Norge jobber for å styrke samfunnets innsats mot seksuelle overgrep). Ansvar: Tenesteleiar.
2. Handlinga/tiltaket vil gi auka kunnskap og handlingskompetanse hos innbyggjarar, pårørande og tilsette.	Flyktningar skal ha kunnskap om kva vald i nære relasjonar er og kva det inneber	Alle flyktningar skal som ein del av introduksjonsprogrammet få opplæring i kva vald i nære relasjonar er og inneber, inkludert tema som negativ sosial kontroll og æresmotivert vald, tvangsekteskap og kjønnslemlesting. I tillegg skal dei få informasjon om meldeplikt og norsk lov. Alle flyktningar med barn får ICDP (International Child Development Programme) som eit tiltak i introduksjonsprogrammet Handlingsarka skal omsetjast til fleire språk (gjennomført hausten 25) Ansvar: Kurs KF
3. Handlinga/tiltaket vil gi auka kunnskap og handlingskompetanse hos innbyggjarar, pårørande og tilsette.	Informere om Kva ein gjer ved MISTANKE OM VALD MOT BARN OG VAKSNE I NÆRE RELASJONAR	Vi formidlar kortversjonen av handlingsarka på ulike samfunnsarenaer som kulturhus, idrettsarena og andre samlingspunkt. Vi skal formidle kunnskap om å identifisere og kontakthinformasjon. Kurs KF utarbeider handlingsarka på ulike relevante språk. Ansvar: Strategi og samordning
4. Handlinga/tiltaket vil gi auka kunnskap og handlingskompetanse hos innbyggjarar, pårørande og tilsette.	Årlege fagdagar til felles kompetanseløft innanfor området vald i nære relasjonar	Strategi og samordning planlegg, saman med ei tverrfagleg gruppe, minst ei årleg samling til felles kompetanseløft. Fagsamlingar for 2026 vert gjennomført 17. mars i Måløy

		og 18. mars i Florø
5. Handlinga/tiltaket vil gi auka kunnskap og handlingskompetanse hos innbyggjarar, pårørande og tilsette.	Handlearka «sjå- avklar-handle» skal vere kjent i avdelingane, og implementerast. Vi skal bygge kunnskap om teikn som kan tyde på vald eller overgrep.	Tilsette skal ha kunnskap til å kunna snakke om vald og seksuelle overgrep tilpassa målgruppa sin mognad, alder, språkferdigheiter og moglegheit til å forstå Tilsette skal kunne formidla kva tenester som finst og kontaktinformasjonen til desse Tilsette kan støtta og hjelpe innbyggjarane til å oppretta kontakt med hjelpeapparatet. Tenesteleiar er ansvarleg for at oppdraget vert utført.
Handling når ein er uroa for om nokon er utsett for vald eller overgrep:	Handling (tiltak)	Utdjuping av handlinga (tiltaket)
1. Handlinga – tiltaka er viktig for at vi; Samhandlar heilskapleg og set brukarperspektivet i fokus	Vald i nære relasjonar er med i årshjulet til kommunale einingar	Alle einingar skal regelmessig gjennomgå i personalmøte: handlingsplan mot vald i nære relasjonar handlingsarka oppdatert statistikk frå politirådet (som er tilgjengeleg på heimesidene og folkehelseoversikta) Strategi og samordning skal saman med samarbeidspartarar (politi, barnevern, krisesenter, NOK finne ut om det er mogleg å lage ein «Kinn-statistikk» for å kunne evaluere tiltak
2. Handlinga – tiltaka er viktig for at vi; Samhandlar heilskapleg og set brukarperspektivet i fokus	Alle tilsette har kunnskap om teieplikta, meldeplikta og avverjeplikta	Det vert årleg gjennomført korte opplæringskurs som teamsmøter. Tilsette i dei ulike kommunale einingane som arbeider med barn, vaksne og eldre skal ha kunnskap om opplysnings, melde- og avverjeplikta Dei tilsette skal kunne vurdere og vera trygge på når dei kan drøfta saker med barnevern, krisesenter og politi, og om det skal gjerast anonym Ansvar: Strategi og samordning i samarbeid med m.a. kommuneadvokat og politiet

3. Handlinga – tiltaka er viktig for at vi; Samhandlar heilskapleg og set brukarperspektivet i fokus	Utgjeie og teste ut bruk av tverrfagleg konsultasjonsteam som gir råd og rettleiing i saker der ein er uroa for om nokon er utsett for vald eller seksuelle overgrep.	
---	---	--

Vurderingar:

Førebyggjande plan mot vold og overgrep er eit godt verktøy for å ha ei samla retning for kommunens arbeid. Handlingsplanen er og eit operativt verktøy gjennom tydeleg ansvars plassering. Den er eit viktig verktøy for felles kunnskapsgrunnlag, fokus på førebygging, tverrsektorielt arbeid og kompetanseheving. Handlingsark som er utarbeidd og oversett til fleire språk får mykje positiv omtale både frå tenestene, og frå kompetansesentra som vi har samarbeida med. Handlingsark skal gi trygghet til å sjå, avklare og handle, med tydeleg definert ansvar, roller og prosedyrer.

Handlingsplanen er i tråd med regjeringas mål og anbefalingar i Prop 36 S, Opptrappingsplan mot vold og overgrep mot barn og vold i nære relasjonar (2024-2028) som legg vekt på førebygging, samordning og heilskapleg innsats mot vold og overgrep.

Lenke til plan finn du ved å søke på kinn.kommune.no, og skrive [Førebyggjande plan mot vald og overgrep](#) i søkefeltet.

Økonomiske konsekvensar:

Handlingane som planen skildrar skal gjerast innanfor eksisterande driftsrammer. Planen har ikkje tiltak som inneber investeringar eller auka driftsrammer/økonomiplantiltak.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-36-s-20232024/id3018905/>

«Skriv her»

Behandling i Kommunestyret 05.03.2026:

Tilleggsvedtak, foreslått av Elisabeth Halsne, Kinn Senterparti

- 1.Kinn kommune har ein nullvisjon mot vold og seksuelle overgrep
 2. Det vert informert om nettsida detfinneshjelp.no i den førebyggjande planen.
- Administrasjonen finn ein høveleg stad å omtale dette.

Røysting:

Innstilling frå Helse-, sosial- og omsorgsutvalet samrøystes vedteke.
Tilleggsframlegg frå repr. Halsne (SP) pkt. 2 samrøystes vedteke.

KOST- 032/26 Vedtak:

1. Førebyggjande plan mot vold og overgrep er vert vedtatt. Handlingane vert implementert i tenestene, med årleg evaluering gjennom årsrapportering.
2. Visjon vert lagt inn i planen: Kinn kommune har ein nullvisjon mot vold og seksuelle overgrep.

3. Det vert informert om nettsida detfinneshjelp.no i den førebyggande planen. Administrasjonen finn ein høveleg stad å omtale dette.

Behandling i Helse-, sosial- og omsorgsutvalet 10.02.2026:

Forslag fra HSO, foreslått av Anita Eikevik, Kinn Senterparti

1. Førebyggande plan mot vold og overgrep er vert vedtatt. Handlingane vert implementert i tenestene, med årleg evaluering gjennom årsrapportering.

2. Visjon vert lagt inn i planen: Kinn kommune har ein nullvisjon mot vold og seksuelle overgrep

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

Tilleggsframlegg frå SP v/repr. Eikevik samrøystes vedteke.

HSOUV- 008/26 Vedtak:

1. Førebyggande plan mot vold og overgrep er vert vedtatt. Handlingane vert implementert i tenestene, med årleg evaluering gjennom årsrapportering.

2. Visjon vert lagt inn i planen: Kinn kommune har ein nullvisjon mot vold og seksuelle overgrep

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 10.02.2026:

Tilleggsvedtak, foreslått av Elisabeth Halsne, Kinn Senterparti

Kinn kommune har ein nullvisjon mot vold og seksuelle overgrep

tillegg i handlingsplanen, foreslått av Elisabeth Halsne, Kinn Senterparti

Nettsida detfinneshjelp.no vert lagt til i vedlegget i handlingsplanen

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

Begge tilleggsframlegg frå SP v/repr. Halsne samrøystes vedteke.

OPKUV- 009/26 Vedtak:

Førebyggande plan mot vold og overgrep er vert vedtatt. Handlingane vert implementert i tenestene, med årleg evaluering gjennom årsrapportering.

Kinn kommune har ein nullvisjon mot vold og seksuelle overgrep.

Nettsida detfinneshjelp.no vert lagt til i vedlegget i handlingsplanen.

Behandling i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 09.02.2026:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

RMNF- 004/26 Vedtak:

Førebyggande plan mot vold og overgrep er vert vedtatt. Handlingane vert implementert i tenestene, med årleg evaluering gjennom årsrapportering.


Behandling i Kinn eldreråd 09.02.2026:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

KIEL- 007/26 Vedtak:

Førebyggande plan mot vold og overgrep er vert vedtatt. Handlingane vert implementert i tenestene, med årleg evaluering gjennom årsrapportering.



Saksnr.	Utval	Møtedato
033/26	Kommunestyret	05.03.2026

Lovlegkontroll k-sak 26/017 - Handsaming av detaljregulering Måsholmen - Håskjæra

KOST- 033/26 Vedtak:

Kommunestyret har fatta lovleg vedtak i sak 26/017 «Reguleringsplan for Måsholmen og Håskjæra»,

1. Kommunestyret har avvist eit planframlegg. Saka er fremja med lovleg innhald, jfr. kml. 27-3 a;
2. Kommunestyret har fatta vedtak der mynde er lagt til organet, jfr. pbl §12-12, 1 ledd, kml 27.3,b
3. Kommunestyret sitt vedtak er komme til på rett måte då representanten Aud Norunn Vig var habil til å delta i handsaminga av planframlegget, jfr fvl & 6, kml 27-3 c.
4. Saka vert sendt til Statsforvaltar, jfr. Kml §27-1

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret har fatta lovleg vedtak i sak 26/017 «Reguleringsplan for Måsholmen og Håskjæra»,

1. Kommunestyret har avvist eit planframlegg. Saka er fremja med lovleg innhald, jfr. kml. 27-3 a;
2. Kommunestyret har fatta vedtak der mynde er lagt til organet, jfr. pbl §12-12, 1 ledd, kml 27.3,b
3. Kommunestyret sitt vedtak er komme til på rett måte då representanten Aud Norunn Vig var habil til å delta i handsaminga av planframlegget, jfr fvl & 6, kml 27-3 c.
4. Saka vert sendt til Statsforvaltar, jfr. Kml §27-1

Oppsummering :

Det er sett fram krav om lovlegkontroll om at det skulle ha blitt gjennomført habilitetsvurdering for Aud Norunn Vig før saka vart opna for handsaming. Ho kan ha partsinteresser i saka eller personlege eller økonomiske interesser av eit bestemt utfall av saka står det i grunngjevinga for lovlegkontrollen.

Representanten og hennar familie har eigedomar som er gjenboer (nabo) til tiltak i planen. Reguleringsplanen kommunestyret handsama har vidtrekkande områdekonsekvensar i form av størrelsen på inngrepet og visuelle merknader for naboar og gjenboere (nabo). Derfor er mange eigedommar, innbyggjarar og selskap varsla om

planen.

Folkevalde som uttaler seg om generelle forhold ved planen, eller ytrar sine synspunkt, blir ikkje inhabile, jfr. fvl §6, 1 ledd eller fvl §6 2. ledd, av den grunn, Konsekvensar for ho/hennar familie sin eigedom er ikkje annleis og særmerkt enn for *mange* andre som har fått tilsendt informasjon om planen.

Sjølv om representanten ideelt burde meldt frå om sitt utgangspunkt og fått habilitetsspørsmålet avgjort av kommunestyret før handsaminga starta, representerer dette ikkje ein sakshandsamingsfeil med utgangspunktet kva som er omtalt. Kommunestyret har etter kommunedirektøren si vurdering fatta eit lovleg vedtak. Kommunedirektøren rår derfor til at lovlegkontrollen vert oversendt til Statsforvaltaren for handsaming. Sjølv om det likevel skulle være manglar ved handsaminga, ville dette ikkje ha innverknad på saka då den vart avgjort med 18 for godkjenning av planframlegget og 21 som stemde for å avvise planen.

Bakgrunn for saka:

Tre representantar har 16. februar fremja krav om lovlegkontroll etter kommunelova § 271 av kommunestyret sitt vedtak i sak 017/26 – slutthandsaming av detaljregulering for Måsholmen – Håskjæra.

«Vedtaket er ugyldig på grunn av vesentleg sakshandsamingsfeil, jf. forvaltningslova § 6 og § 8, og kommunelova § 1110, samt alminnelege forvaltningsrettslege prinsipp om habilitet og tillit til forvaltninga. Feilen består i at ein representant med mogleg partsinteresse deltok i handsaming og vedtak utan at habiliteten vart vurdert. Representanten Aud Norunn Vig var med framleggsstillar til vedtaket og deltok aktivt i debatt og røysting i saka. Protokollen syner at habilitet vart vurdert for fleire representantar, men ikkje for Vig. Representanten hadde same dag varsla mogleg søksmål mot kommunen basert på utfallet av saka. Når ein representant kan ha personleg eller økonomisk interesse i utfallet av saka, ligg det føre plikt til habilitetsvurdering etter forvaltningslova § 6. Manglande habilitetsvurdering er i seg sjølv ein sakshandsamingsfeil. Fleire representantar stemte seg for kva dei skulle stemme i løpet av møtet, basert på debatten. Representanten deltok aktivt i debatt og fremja framlegg som vart vedteke. Dette har openbart påverka andre representantar. Dette gjer feilen vesentleg»

Saksopplysningar:

Kommunelova set vilkår for kven som kan fremje lovlegkontroll av vedtak og korleis saka skal handsamast.

Stadfestar kommunestyret sitt opprinneleg vedtak vert vedtaket sendt til statsforvaltaren for endeleg handsaming.

Kommunestyret kan også velje å ta forholdet som saka gjeld opp att saka til ny handsaming.

Statsforvaltaren har høve til å gå gjennom alle sider av ei sak det er krevd lovlegkontroll av.

Kommunelova § 27 seier set vilkår for lovleg kontroll av vedtak:

§ 27-1.Lovlighetskontroll

Tre eller flere medlemmer av kommunestyret eller fylkestinget kan sammen kreve at departementet kontrollerer om et vedtak er lovlig. Et slikt krav må fremmes innen tre uker fra vedtaket ble truffet... Kravet skal settes fram for det organet som traff vedtaket. Hvis organet opprettholder vedtaket, skal saken sendes til departementet.

§ 27-2.Hva som kan lovlighetskontrolleres

Følgende kan lovlighetskontrolleres;

endelige vedtak som er truffet av et folkevalgt organ eller den kommunale eller fylkeskommunale administrasjonen , vedtak om et møte skal holdes for åpne eller lukkede dører, vedtak som gjelder spørsmål om inhabilitet

§ 27-3.Innholdet i lovlighetskontrollen

Ved lovlighetskontroll skal departementet ta stilling til om vedtaket

- a. *har et lovlig innhold*
- b. *er truffet av noen som har myndighet til å treffe et slikt vedtak*
- c. *har blitt til på lovlig måte*

I brevet med påstand om feil i handsaming er det teke fram ein e-post som Aud Norunn Vik sende litt før kommunestyrehandsaminga tok til;

«Denne mailen vert sendt for å indikere at det vil komme ei oppfølging og mulig rettslege prosessar ang. støy ved ei evt utbygging i Gunhildvågen. dette uavhengig av kva for utbyggingsalternativ som vert vurdert og eventuelt igangsett.

Denne prosessen er viktig vert offentleg tilgjengeleg sidan ønskjene for utbygging er av ein slik art at det vil berøre mange busette i vestre del av byen og på øyene i Florabassenget, og dermed er av offentleg interesse.»

Kommunestyret sitt vedtak i saka;

KOST- 017/26 Vedtak:

Kinn kommune tek rapport frå Asplan Viak til vitande og ynskjer å legge tilrette for at Flateneset vert sett av til å utvikle industrien i Gunhildvågen. Arealet er betydeleg større og vil vere langt rimelegare å utvikle enn Måsholmen. Naturinngrepa vil også vere betydeleg mindre.

1. Kinn kommune vedtek ikkje detaljreguleringsplan for Måsholmen-Håskjæra gnnr. 28/3.

2. Rapport frå Asplan Viak viser til at det er alternative areal på Flateneset som er langt større enn Måsholmen og som vil gje bedriftene i Gunhildvågen nok areal til å utvikle sin aktivitet. Kinn kommune vedtek å starte arbeidet med å frigjere areal på Flateneset til næring.

3 Containerhamn for Florø skal framleis vere kai G på Botnastranda.

Vurderingar:

Krav om lovleg kontroll er sendt inn på rett måte og innanfor tidsfristen

Krav lovlegkontroll er sendt innanfor fristen som kommunelova har sett (fristen gjekk ut 19. februar). Det er tre medlemmar av kommunestyret som har sendt kravet om kontroll. Saka gjeld slutthandsaming av reguleringsplan som kommunestyret skal ta stilling til (plan- og bygningsloven §12-12). *Kommunestyret sitt vedtak har derfor eit lovleg innhald og er fatta av eit organ som er tillagt denne mynda, jfr, kml. §27-3, a og b.*

Kommunestyret har avvist eit planframlegg og det er såleis eit endeleg vedtak som det er kravd kontroll av, jfr. Kml §27-2. Grunnlaget for kontrollen gjeld klage på habilitet, jfr. 27-2, som er eit sjølvstendig grunnlag for å fremje kontroll.

Kml

Kva skal vurderast ?

Kontrollen gjeld om habilitetsreglane i kommunelova (kml) og forvaltningslova (fvl) er følgt. *Det sentrale spørsmål å handsame blir derfor om vedtaket er komme til på rett*

måte jfr kml §27-3, c.

Kommunelova (jfr kml §11-11) viser til forvaltningslova sine reglar for handsaming av spørsmål om inhabilitet.

Forvaltningslova §6

En offentlig tjenestemann er ugild til å tilrettelegge grunnlaget for en avgjørelse eller til å treffe avgjørelse i en forvaltningssak

- a. *når han selv er part i saken;*
- b. *når han er i slekt eller svogerskap med en part i opp- eller nedstigende linje eller i sidelinje så nær som søsken;*
- c. *når han er eller har vært gift med eller er forlovet med eller er fosterfar, fostermor eller fosterbarn til en part;*
- d. *når han er verge eller fullmektig for en part i saken eller har vært verge eller fullmektig for en part etter at saken begynte;*

Likeså er han ugild når andre særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet; blant annet skal legges vekt på om avgjørelsen i saken kan innebære særlig fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen som han har nær personlig tilknytning til. Det skal også legges vekt på om ugildhetsinnsigelse er reist av en part.

Nabo og gjenboereigedommar, høve til å gje merknader til planen

Reguleringsplanveileder, KMD, 2018, står det følgjande om kven som skal varslast i samband med utarbeiding av reguleringsplan;

*«**Eiendommer** med strandlinje på fastlandet som ligger rett overfor en brygge, naust eller hytte på øya, er ofte gjenboere. **Gjenboereiendommer:** Eiendommer som ligger på den andre siden av et "åpent areal", inkludert **sjø, elv eller vei**.*

Dette er framleis gjeldande, sjølv om siste rettleiar av 2022 ikkje omtaler dette like tydeleg

Representanten er gjenboer

Aud Norunn Vig er folkeregistrert med adresse Færøya. Hennar bror eig store eigedommar på øyane kring Måsholmen m.a. Spjonga, Furøya. Dei er såleis gjenboer i forhold til planen. Den aktuelle reguleringsplanen for Måsholmen og Håskjæra er omfattande og verknaden vil gjelde ei stor gruppe selskap, eigedommar og innbyggjarar. Totalt er planframlegget sent til 133 lokale og 17 offentlege mottakarar.

Er ho/hennar familie part i saka ?

Ein folkevald blir normalt ikkje inhabil når saka gjeld generelle forhold gjennom ein reguleringsprosess, og den folkevalde med familie blir råka på lik linje med mange andre. Då er interessa av meir generell karakter, ikkje særskilt for ein enkelte eigedom. Aud Norunn Vig, hennar far, eller hennar bror har ikkje sendt merknad til kommunen som del av den *ordinære* reguleringshandsaminga når det var frist for å gjere det.

Representanten og hennar familie har forholdt seg passivt når det gjeld å synleggjere spesielle forhold for sin eigedom. Det knyter seg ikkje spesielle verknader for representanten sin eigedom. Ho kan då ikkje reknast som automatisk inhabil etter §fvl 6 1. ledd. Hennar bror, og ho sjølv, har såleis heller ikkje gjort seg til part under planhandsaminga, eller er handsama som part.

Ligg det føre særeigne forhold ?

Men, det er likevel slik at det må vurderast om det ligg særeigne forhold som gjer at tilliten til forvaltninga kan bli svekka, m.a. om det kan ligge føre inhabilitet etter fvl 6 2. ledd. Det avgjerande er kor direkte og individuelt ho eller hennar familie blir råka, m.a.

om dei har særskilt ulempe eller fordel, av eit bestemt utfall av saka.

Det er vanskeleg å sjå at dei blir råka på ein annan og sær eigen måte enn andre. Det har heller ikkje komme fram at dei vil få eit økonomisk tap eller vinning som følgje av planen.

Støyvurderinga utført av Multiconsult i samband med konsekvensutgreiingsprogrammet viser at hennar bustad og andre bebuarar på Færøya ikkje vil bli berørt av støy frå utbygging av Måsholmen.

E-posten Aud Norunn Vig sende til Florø Hamn KF, og som referert tidlegare i saka, adresserer støy som utfordring. Etter hennar syn gjeld dette både frå eksisterande aktivitet i Gunhildvågen og ved ei utviding til Måsholmen.

Spørsmålet er om dette er ei ytring av politisk art, eller ei problemstilling ho tek opp for seg sjølv eller sin familie. Rom for ytringar skal vere stort for lokalpolitikarar. Det vert ikkje stilt krav til korleis slike synspunkt vert fremja. Synspunkt kan uttrykkast i avisinnlegg, e-postar, meiningar på sosiale medium eller som innlegg i folkevalde organer.

Folkevalde har dessutan lågare grense for inhabilitet enn for administrasjonen, nettopp fordi demokratiet føreset at folkevalde har meiningar. Derfor er det viktig å skilje mellom det som er et politisk standpunkt, og om det kan liggja før ei personleg særinteresse.

Kommunedirektøren derfor ikkje sjå at representanten blir omfatta av §fvl. 6 2. ledd. E-posten og synspunkt fremja i kommunestyret står fram som politisk ytringar. Ho målber synspunkt som er gjeldande for andre innbyggjarar og moment i saka som går igjen i høyringsmerknadene.

Folkevalde skal be om at sin habilitet blir vurdert !

Etter fvl 8 3 ledd skal ein folkevald sjølv be om at sin habilitet vert vurdert. Men verken Vig sjølv, eller andrem har stilt spørsmål ved habiliteten før saka vart handsama og vedtaket var fatta. Likevel slik at så lenge ho har stemd og ytra seg som folkevald, kan ein likevel ikkje legge avgjerande vekt på denne mangelen.

Har ein mogleg feil innverknad på utfall av saka

Det var 21 som stemde for å avvise reguleringsplan og 18 som stemde for å godkjenne den. Vig stemde for å avvise planen. Dersom ho hadde stemt på ein annan måte kunne resultatet neppe vorte annleis, og ein mogleg feil har såleis ikkje hatt innverknad på resultatet. Ein registrerte under møtet mange meningsytringar knytt til fordeler og ulemper ved tiltaket og planen. Det kan derfor vanskeleg leggjast til grunn at Vig sine utsegn i ei så stor sak som denne reguleringsplanen har den avgjerande betydninga.

Oppsummering

Etter kommunedirektøren si vurdering har kommunestyret fatta lovleg vedtak i sak 26/017 Reguleringsplan for Måsholmen og Håskjæra, jfr. kml 27-3

1. Kommunestyret har avvist eit privat planframlegg med lovleg innhald
2. Kommunestyret har fatta vedtak der dei har mynde til vedtak
3. Kommunestyret sitt vedtak er komme til på rett måte da representanten Aud Norunn Vig var habil til å delta i handsaminga av saka.

Det er likevel slik at det er det folkevalde organet som tek vedtak om habilitet, jfr fvl 8 1. ledd. Dersom organet kjem til at representanten Aud Norunn Vig er inhabil, har dette ikkje hatt innverknad på resultatet og eventuell mangel fører då ikkje til at vedtaket er ugyldig.

Økonomiske konsekvensar:

«Skriv her»

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«Skriv her»

Behandling i Kommunestyret 05.03.2026:

Alternativt framlegg, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn Fremskrittsparti

1. Kommunestyret tek kravet om lovlegkontroll til følge.
2. Kommunestyret opphever sitt vedtak i sak KOST-017/26 – Gjentatt slutthandsaming av detaljregulering for Måsholmen – Håskjæra av 29.01.2026.
3. Saka vert sendt tilbake til kommunestyret for ny handsaming i neste møte.
4. Kommunedirektøren skal innhente juridisk vurdering av habiliteten til dei aktuelle representantane, som skal ligge til grunn for kommunestyrets habilitetsvurdering før saka vert realitetshandsama.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vert sett opp mot framlegg frå FrP v/repr. Djuvik og vedteke mot 18 røyster (5 H, 10 FrP og 3 SP).


KOST- 033/26 Vedtak:

Kommunestyret har fatta lovleg vedtak i sak 26/017 «Reguleringsplan for Måsholmen og Håskjæra»,

1. Kommunestyret har avvist eit planframlegg. Saka er fremja med lovleg innhald, jfr. kml. 27-3 a;
2. Kommunestyret har fatta vedtak der mynde er lagt til organet, jfr. pbl §12-12, 1 ledd, kml 27.3,b
3. Kommunestyret sitt vedtak er komme til på rett måte då representanten Aud Norunn Vig var habil til å delta i handsaminga av planframlegget, jfr fvl & 6, kml 27-3 c.
4. Saka vert sendt til Statsforvaltar, jfr. Kml §27-1

Vedlegg i saken:

Krav om lovlegkontroll K-sak 017/26 - Gjentatt slutthandsaming av detaljregulering for Måsholmen – Håskjæra
Følgeskriv



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
025/26	Formannskapet	24.02.2026
034/26	Kommunestyret	05.03.2026

Administrasjonslokaler Florø - ny handsaming av leigeavtale med kjøpsopsjon

KOST- 034/26 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner framforhandla 10-årsavtale om leige, med opsjon på kjøp, slik den ligg føre med 3 år oppseiingstid.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 24.02.2026

Kommunestyret godkjenner framforhandla 10-årsavtale om leige, med opsjon på kjøp, slik den ligg føre med 3 år oppseiingstid.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner framforhandla 10-årsavtale om leige, med opsjon på kjøp, slik den ligg føre med 3 år oppseiingstid.

Bakgrunn for saka:

Saka om administrasjonslokaler Florø har vore til handsaming i formannskapet sist 19 januar med følgande vedtak

FORM- 013/26 Vedtak:

- 1) Saka skal endeleg godkjennast av kommunestyret.
- 2) Formannskapet aksepterer at det vert inngått avtale på inntil 10 år, men føreset at det må vere mogleg å gå frå leigeavtalen, eksempelvis med ein frist på 2-3 år.
- 3) Kommunedirektøren får fullmakt til å forhandle med utleigar i tråd med punkt 1 og 2 og legge avtalen fram for formannskapet til ny handsaming før saka skal vidare til kommunestyret.

Kommunedirektøren meiner avtale som no ligg føre, oppfyller formannskapet si bestilling og tilrår soleis at avtalen godkjennast.

Saksopplysningar:

Framlegg til Husleigekontrakten, med opsjon på areal, i Øklandbygget inneheld areal som pussa opp (2. etg) og areal som blir brukt med utgangspunkt som dei er i dag (3000 kvm totalt).

Før kontrakten blir inngått skal huseigar likevel gjere tekniske oppgradering, m.a. ventilasjon. Kommunedirektøren har lag fram avtalen med utgangspunkt at den gjev vinstar for arbeidsmiljø og at ein oppnår nøkterne administrative kostnader til lokaler.

Reduserte administrative kostnader har vore politiske mål, og i 2024 nådde vi å ha lågare ressursbruk enn samanlikningskommunane (KOSTRA gruppe7).

Øklandbygget har dei siste åra vore hovudlokasjon for administrasjonen i Florø. I lokala er det i dag følgande funksjonar/roller:

- Ordførar
- Kommunedirektør
- Kommunalsjefar
- Personal/HR
- Folkehelseavdeling
- Kommuneoverlege
- Rekneskapsavdeling
- Budsjettrådgiavarar
- Lønnsavdeling
- Tildelingskontor
- Bustadkontor
- Lev Vel
- Rådgivarar oppvekst
- Rådgivarar helse og omsorg
- Prosjektavdelinga
- Teknisk avdeling adm veg, park, formålsbygg, vatn- og avløp
- Arkivlokaler rekneskap, lønn og HR
- Arbeidsstasjonar til folkevalde
- Rom til interne møter og politiske møter

(Lista er ikkje uttømmende)

Dagens leigeavtale(r) omfatter 3. plan og halve 4. plan, henholdsvis 1052 m2 (justert til 1172 m2 etter oppdatert arealberekning) og 594 m2Avtalane utløper 1. februar 2027.

Ny avtale inneheldar følgande hovudmoment;

- Ny avtale erstatter gamle avtaler
- 10 år leigeperiode frå 1.1.2026 med opsjon på vidare leige etter 10 år
- Omfang av leigd areal vert utvida med 318 m2 for å kunne flytte over tilsette frå det gamle rådhuset
- Opsjoner på å leige ytterligare areal frå 1.1.2027
- Opsjoner på å kunne kjøpe ut seksjoner av bygget
- 3 år oppseiingstid (utan ytterligare økonomisk kompensasjon)

Vurderingar:

Kommunedirektøren vurderer at 10-årsavtale er mest fordelaktig i forhold til pris, samstundes som sannsynlegheita for at kommunen er i posisjon til å ha eit nytt administrasjonsbygg klart til innflytting før det er gått 10 år er relativt låg.

Kommunedirektøren vurderer elles at det ikkje er tilgjengelege lokalar i sentrumskjernen som er store nok til å huse administrasjonen i Florø.

Kommunedirektøren har sett at alternativ leige om ein i dag skulle ha bygd ville dette gje ein kvm. pris på 3.500,- pr. kvm. Det har vore ein kraftig auke i kostnader på grunn av høge rente og prisstigning på bygg- og anlegg dei siste åra.

Det at ein no har fått inn ei 3 års oppseiingstid, gjer at kommunen har moglegheit til å gå ut av avtalen før 10 år er gått dersom det er behov for det.

Økonomiske konsekvensar:

Leiga, herunder ny leigesum, finansierast innanfor eksisterande avset ramme.

Økonomiske konsekvensar med ei eventuell auke i leigd areal eller kjøp av seksjoner, framkjem i vedlagt avtaleutkast med vedlegg.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«Skriv her»

Behandling i Kommunestyret 05.03.2026:

Røysting:

Innstilling frå formannskapet samrøystes vedteke.

KOST- 034/26 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner framforhandla 10-årsavtale om leige, med opsjon på kjøp, slik den ligg føre med 3 år oppseiingstid.

Behandling i Formannskapet 24.02.2026:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

FORM- 025/26 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner framforhandla 10-årsavtale om leige, med opsjon på kjøp, slik den ligg føre med 3 år oppseiingstid.

Vedlegg i saken:


Bilag 1

Bilag 2

Bilag 3

Bilag 4

Utkast leigeavtale 12022026



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
029/26	Formannskapet	24.02.2026
035/26	Kommunestyret	05.03.2026

Refvik - finansiering og igangsetting nytt avløpsanlegg med vassforsyning

KOST- 035/26 Vedtak:

1. Kommunestyret godkjenner igangsetting av tiltak med nytt avløpsanlegg og vassforsyning til Refvik Camping området på kommunal grunn Gbnr 327/17.
2. Kostnadene, estimert til 6 mill eks mva
3. Kommunestyret godkjenner igangsetting av tiltak med oppgradering av bygningsmasse/ serviceanlegg på kommunal grunn Gbnr 327/17, estimert til 2 mill eks mva
4. Investeringa vert innarbeidd i 1. tertialrapport
5. Parallelt med at investeringsprosjektet blir sikra god framdrift ber kommunestyret om at det blir lagt fram ei sak om drift av anlegget i Refvik. Kommunestyret ber også om at saka synleggjer kva praksis og planar for drift er ved andre (eksisterande og planlagte) anlegg (herunder særleg offentlege toalett) i Kinn kommune.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 24.02.2026

1. Kommunestyret godkjenner igangsetting av tiltak med nytt avløpsanlegg og vassforsyning til Refvik Camping området på kommunal grunn Gbnr 327/17.
2. Kostnadene, estimert til 6 mill eks mva
3. Kommunestyret godkjenner igangsetting av tiltak med oppgradering av bygningsmasse/ serviceanlegg på kommunal grunn Gbnr 327/17, estimert til 2 mill eks mva
4. Investeringa vert innarbeidd i 1. tertialrapport

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret godkjenner igangsetting av tiltak med nytt avløpsanlegg og vassforsyning til Refvik Camping området på kommunal grunn Gbnr 327/17.
2. Kostnadene, estimert til 6 mill eks mva
3. Kommunestyret godkjenner igangsetting av tiltak med oppgradering av

- bygningmasse/ serviceanlegg på kommunal grunn Gbnr 327/17, estimert til 2 mill eks mva
4. Investeringa vert innarbeidd i 1. tertialrapport

Bakgrunn for saka:

Refviksanden er eit viktig friluftsområde og ei mykje besøkt badestrand om sommaren.

Området ved Refvik camping, servicebygget og parkeringsplassen høyrer til Kinn kommune.

I tilknytning til campingplassen er det etablert eit servicebygg og nokre konteinarar som inneheld kiosk, toalett og dusjfasilitetar for gjester.

Campingplassen med tilhøyrande servicebygg, konteinarar og parkeringsområde har i fleire år vert drive av bygdelaget i Refvik.

Servicebygget, inkludert konteinarane og bubiltømmestasjonen, har ikkje godkjend utsleppsløyve for avløpsvatn og vart difor stengd sommaren 2025.

Dagens drikkevassløyving er heller ikkje tilfredsstillande når det gjeld kapasitet og vasskvalitet. Det er lagt fram ei lita vassleidning frå ein felles brønn saman med fleire naboar i Refvik. Naboane er uroa for at brønnen kan gå tom i lengre periodar med fint vår og mange besøkande på campingplassen. Dersom mange dusjar samstundes i sanitæranlegget, er det ikkje tilstrekkeleg vasstrykk eller kapasitet i anlegget. Det er heller inga vassbehandling av overflatevatnet.

Bubiltømmestasjonen har per i dag ikkje ei godkjend løysing, då avløpsvatn kan renne ut i terrenget ved tømning.

Kommunedirektøren tilår at Kinn kommune løyver dei naudsynte midlane som må til for å imøtekomme dagens krav for å etablere ei godkjend avløpsreinseløysing knytt til servicebygget ved Refviksanden og løysing for tømning av bubilar.

Samtidig vert det etablert ei ny og betre drikkevassløyving med omsyn til både vassmengde, vasstrykk og drikkevasskvalitet.

Saksopplysningar:

Området ved Refvik camping, samt servicebygget og konteinarane, høyrer til Kinn kommune.

Bygdelaget har opplyst at avløpsanlegget og vassforsyninga må kunne handtere opp mot 800 badegjester per dag, i tillegg til 40 bubilar og 40 telt, for å tene gjestene på sanden og campingplassen på fine sommardagar.

Det kjem òg fleire bussar med cruiseturistar til Refviksanden i løpet av cruisesesongen, og desse nyttar òg sanitærbygget.

Hausten 2025 vart det halde ein anbodskonkurranse med fem større konsulentfirma for å finne eit eigna firma som kunne planleggje og prosjektere ei godkjend avløpsløyving for Refvik camping, med opsjon på arbeid med ny drikkevassforsyning og eventuell oppgradering av dagens servicebygg. Anbudet vart vunne av Norconsult AS.

Det er gjennomført fleire grunnundersøkingar som avdekte at kommunen sitt eige areal var for lite til å infiltrere så store mengder avløpsvatn som sanitæranlegget tilfører på fine sommardagar i Refvik.

Grunneigarlaget og bygdelaget sin representant for prosjektet tok kontakt med naboeigedomane som vart vurderte som eigna for infiltrasjon av avløpsvatn. Desse ønskte likevel ikkje å tillate infiltrasjon på eigen eigedom.

Det vart deretter vurdert å etablere eit minireinseanlegg på campingplassen, men ein fann òg utfordringar med denne løysinga.

Ein har difor kome fram til at den beste og mest framtidsretta løysinga, basert på vedlikehald, driftstryggleik og levetid, er ein tradisjonell stor slamavskiljar der avløpsvatnet renn vidare til ein pumpekum. Derifrå vert alt avløpsvatn pumpa i ei pumpeleidning som vert grave ned i vegkanten utover mot moloen i Refvik. Frå moloen vert det lagt sjøleidning ut i havet i le av moloen og vidare om lag 400 meter ut til djupare sjø. Sjøleidning direkte frå campingplassen er frårådd grunna tung sjø og vêrharde forhold i Refvik.

I samband med søknad om utsleppsløyve til sjø har Norconsult vurdert påverknaden utsleppet vil ha på marine naturverdiar og vassmiljø. Det vert konkludert med at utsleppet ikkje vil ha negativ påverknad på naturverdiar.

Dagens vassforsyning er ikkje tilfredsstillande. Det er lagt fram ei lita vassleidning frå ein felles brønn saman med fleire naboar i Refvik. Naboane er uroa for at brønnen kan gå tom i periodar med fint vêr og mange besøkande. Ved samtidig bruk av dusjar er det ikkje tilstrekkeleg vasstrykk eller kapasitet. Det finst inga vassbehandling av overflatevatnet.

Kommunen har gjort avtale med gnr./bnr. 327/24 om etablering av borehol på eigedomen som ny vassforsyning. Store delar av leidningstraseen for vassforsyninga vil gå i same grøft som avløpspumpeleidninga.

Bubiltømmestasjonen har per i dag ikkje godkjend løysing, då avløpsvatn kan renne ut i terrenget ved tømning. Dette er planlagt løyst ved å støype ei betongplate slik at eventuelt søl renn tilbake til tett avløpstank.

Servicebygget er i dag svært slite, og i tillegg til sjølve bygget består det av to konteinarar som inneheld kiosk, toalett og dusjrom. Ein bør integrere alt i eitt servicebygg for å gjere det meir funksjonelt og oppgradere det til ein betre standard enn det har per i dag. Dette kan løysast ved at ein eventuelt «strekker» dagens servicebygg i begge endar for å få plass til kiosk, toalett, dusjar og vaskerom under eitt tak.

Vurderingar:

Refviksanden vert ofte omtala som ei av dei finaste strendene i Noreg og er eit statleg sikra friluftsområde. Campingplassen er mykje besøkt av både tilreisande og lokale, særleg i periodar med fint vêr.

Kinn kommune, som eigar av naturområdet og campingplassen, bør ta ansvar for at det finst godkjende sanitærfasilitetar for alle dei besøkjande i dette attraktive området.

Tiltaka vil medføre ei investering i oppgradering av dagens sanitærløysing ved Refvik camping, der ein no har kome fram til løysingar som tek omsyn til framtidig vedlikehald, levetid og driftstryggleik.

Det blir arbeid med å få på plass avtalar med grendala/grunneigarar om reiselivssatsing. Som ein del av dette arbeidet vil det også vere naudsynt å få på plass avtale om drift av Refvik og serviceanlegget.

Økonomiske konsekvensar:

Norconsult AS har utarbeidd ein kalkyle for kostnadene knytte til oppgradering av vass- og avløpsløyser ved servicebygget og bubiltømmestasjonen. Kostnadsoverslag ligg på 6 mill eks mva. Her er inkludert 15% uforutsette utgifter.

Oppgradering av bygningsmassen/serviceanlegg med toalettfasiliteter bør gjerast no. Det vil etter kommunedirektøren sin vurdering vere føremålsteneleg at kommunen gjennomfører oppgradering av bygg samstundes med oppgradering av teknisk anlegg. Kostnadsoverslag ligg på 2 mill kr. eks mva.

Tiltak med vass- og avløpsanlegg må prioriterast forran oppgradering av bygningsmassen.

Kommunen vil samarbeid med bygdelaget, Nordfjord Hamn og andre om del finansiering/drift av deler av investeringa, ref. f.sak 26/009

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«Skriv her»

Behandling i Kommunestyret 05.03.2026:

Endringsforslag frå Kinn Ap - nytt punkt 3, foreslått av Silje Ødegård Standal, Kinn Arbeiderparti

Kommunestyret ber administrasjonen om å inngå ei samarbeidsavtale med lokale lag og organisasjonar på Refvika, slik at bygda får eit eigarforhold til drift og generelt vedlikehald. Spelemidlar og andre støtteordningar skal innarbeidast i finansieringa av saka om serviceanlegg på kommunal grunn, gnr./bnr. 327/17, estimert til 2 mill. kr ekskl. mva

Tilleggsframlegg, nytt punkt 5, foreslått av Jacob André Telvik Nødseth, Kinn Venstre Parallelt med at investeringsprosjektet blir sikra god framdrift ber kommunestyret om at det blir lagt fram ei sak om drift av anlegget i Refvik. Kommunestyret ber også om at saka synleggjer kva praksis og planar for drift er ved andre (eksisterande og planlagte) anlegg (herunder særleg offentlege toalett) i Kinn kommune.

Endringsframlegg frå AP v/repr. Standal vart trekt.

Røysting:

Innstilling frå formannskapet og tilleggsframlegg frå Venstre v/repr. Nødseth vert røysta under ett og vart samrøystes vedteke.

KOST- 035/26 Vedtak:

1. Kommunestyret godkjenner igangsetting av tiltak med nytt avløpsanlegg og vassforsyning til Refvik Camping området på kommunal grunn Gbnr 327/17.
2. Kostnadene, estimert til 6 mill eks mva
3. Kommunestyret godkjenner igangsetting av tiltak med oppgradering av bygningsmasse/ serviceanlegg på kommunal grunn Gbnr 327/17, estimert til 2 mill eks mva
4. Investeringa vert innarbeidd i 1. tertialrapport
5. Parallelt med at investeringsprosjektet blir sikra god framdrift ber kommunestyret om at det blir lagt fram ei sak om drift av anlegget i Refvik. Kommunestyret ber også om at saka synleggjer kva praksis og planar for drift er

ved andre (eksisterande og planlagte) anlegg (herunder særleg offentlege toalett) i Kinn kommune.

Behandling i Formannskapet 24.02.2026:

FrP v/repr. Djuvik ønska vurdert eigen habilitet då han er dagleg leiar i Måløy Adventure og Måløy Vekst AS.

Kommunedirektør kommenterte at repr. Djuvik ikkje har personleg interesse i saka og bør vurderast habil.


Repr. Djuvik samrøystes erklært habil.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

FORM- 029/26 Vedtak:

1. Kommunestyret godkjenner igangsetting av tiltak med nytt avløpsanlegg og vassforsyning til Refvik Camping området på kommunal grunn Gbnr 327/17.
2. Kostnadene, estimert til 6 mill eks mva
3. Kommunestyret godkjenner igangsetting av tiltak med oppgradering av bygningsmasse/ serviceanlegg på kommunal grunn Gbnr 327/17, estimert til 2 mill eks mva
4. Investeringa vert innarbeidd i 1. tertialrapport



Saksnr.	Utval	Møtedato
036/26	Kommunestyret	05.03.2026

Rådgevinge folkerøysting - endring av målform ved Skram skole

KOST- 036/26 Vedtak:

Rådgevinge folkerøysting – Endring av målform for Skram skole, vert gjennomført slik:

1. Røystedato 15.06.2026.
2. Røysting skjer på Servicetorget på rådhuset i Måløy.
3. Førehandsrøysting skjer i perioden 01.06.2026 – 12.06.2026.
4. Førehandsrøystinga skjer på servicetorget på rådhuset i Måløy.
5. Skjeringsdato for manntal/kven som er røysteføre, vert sett til 30.04.2026
6. Informasjon om rådgevinge folkerøysting vert sendt til dei som har røysterett innan 10.05.2026.
7. Tekst på røystesetel og svaralternativ: «Målform ved Skram skule fom skuleåret 2027/2028 vert:» «Bokmål», «Nynorsk», «Blank».
8. Retningsliner for klage på gjennomføring/førebuingar av rådgevinge folkerøysting vert vedteke slik dei ligg føre.
9. Kommunestyret gjev valstyret ansvaret for den rådgevinge folkerøystinga
10. Valstyret gjev administrasjonen fullmakter til å førebu og gjennomføre den rådgevinge folkerøystinga.
11. Oppteljing skjer 16.06.2026.
12. Sak om rådgevinge folkerøysting kjem til handsaming i kommunestyret 17.11.2026.
13. Utgifter til rådgevinge folkerøysting vert å dekke over driftsutgifter innan oppvekst.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Rådgevinge folkerøysting – Endring av målform for Skram skole, vert gjennomført slik:

1. Røystedato 15.06.2026.
2. Røysting skjer på Servicetorget på rådhuset i Måløy.
3. Førehandsrøysting skjer i perioden 01.06.2026 – 12.06.2026.
4. Førehandsrøystinga skjer på servicetorget på rådhuset i Måløy.
5. Skjeringsdato for manntal/kven som er røysteføre, vert sett til 30.04.2026
6. Informasjon om rådgevinge folkerøysting vert sendt til dei som har røysterett innan 10.05.2026.
7. Tekst på røystesetel og svaralternativ: «Målform ved Skram skule fom skuleåret 2027/2028 vert:» «Bokmål», «Nynorsk», «Blank».
8. Retningsliner for klage på gjennomføring/førebuingar av rådgevinge folkerøysting vert vedteke slik dei ligg føre.
9. Kommunestyret gjev valstyret ansvaret for den rådgevinge folkerøystinga
10. Valstyret gjev administrasjonen fullmakter til å førebu og gjennomføre den

- rådgjevande folkerøystinga.
11. Oppteljing skjer 16.06.2026.
 12. Sak om rådgjevande folkerøysting kjem til handsaming i kommunestyret 17.11.2026.
 13. Utgifter til rådgjevande folkerøysting vert å dekke over driftsutgifter innan oppvekst.

Bakgrunn for saka:

Kommunestyret gjorde i sak 135/25, punkt 19 følgjande vedtak:

Det vert gjennomført rådgjevande folkerøysting i samsvar med opplæringslova § 15-2, andre ledd hausten 2026, med mål om å endre målform ved Skram skule frå bokmål til nynorsk frå skuleåret 2027-2028.

Saksopplysningar:

Det er kommunelova sine føresegner i § 12-2 som heimlar kommunen sin rett til å gjennomføre ei rådgjevande folkerøysting. § 16-1 pålegg kommunane å rapportere resultat frå lokale folkerøystinga till staten.

Rådgjevande folkerøysting skal gjennomførast so langt som mogleg med utgangspunkt i vallova sine føresegner.

Folkerøysting om målform er i dag lovregulert gjennom Opplæringslova § 15-2, og er den einaste forma for lokal folkerøysting kor det er lovfesta kva som utløyser folkerøysting og kven som skal ha røysterett.

§ 15-2. Hovudmål på kvar skole

Kommunen og fylkeskommunen gir forskrift om kva skriftspråk som skal vere hovudmålet på kvar skole, anten bokmål eller nynorsk. Skolen skal bruke hovudmålet i den skriftlege opplæringa og i den skriftlege kommunikasjonen med elevane og foreldra. I samband med skifte av hovudmål på ein grunnskole eller når eit fleirtal i kommunestyret eller minst 1/4 av dei røysteføre i kommunen krev det, skal det haldast rådgivande røysting. Nytt vedtak om hovudmål kan ikkje gjerast før det har gått fem år. Departementet kan gi forskrift om røysterett, ansvar for røystinga og organisering av røystinga.

I forskrift til opplæringslova står det følgjande:

Kapittel 3. Rådgivande røysting om skifte av hovudmål i grunnskolen og saksbehandling ved godkjenning av privat grunnskole (opplæringslova § 15-2 andre ledd og § 22-1)

§ 3-1. Kven som har rett til å røyste om skifte av hovudmål

Rett til å røyste om skifte av hovudmål i grunnskolen har alle som oppfyller desse tre vilkåra:

- a. *Dei bur i det området som soknar til skolen etter opplæringslova § 2-6.*
- b. *Dei har røysterett etter valgloven § 2-2.*
- c. *Dei står innførte i folkeregisteret som busette i kommunen den 30. dagen før røystemøtet.*

Røysterett har også foreldre til

- a. *barn på 1. til 7. trinn ved skolen*
- b. *barn som er tildelte skoleplass på 1. til 7. trinn ved skolen.*

Kravet om å komme med som røystefør forelder må vere levert til eller fremja for kommunen seinast tre veker etter at røystinga er kunngjort første gong.

§ 3-2. Organisering av røystinga om skifte av hovudmål

Kommunen skal fastsetje tid og stad for røystinga og sørgje for å kalle inn dei røysteføre med minst fire vekers frist. Innkallinga skal ha med opplysningar om

- a. kva røystinga gjeld*
 - b. kven som har røysterett*
 - c. når og kvar røystinga skal haldast*
 - d. når og kvar førehandsrøystinga skal haldast.*
- Røystinga skal vere skriftleg.*

Dei som har rett til å røyste, men ikkje kan vere til stades ved røystinga, har rett til å røyste på førehand.

I Veileder om lokale rådgivende folkeavstemninger står det bl.a følgjande:
(Veileder ligg som vedlegg til saka:)

1.7 Folkeavstemningers rådgivende status

Norske kommuner kan ikke gjennomføre bindende folkeavstemninger. Kommuner kan utforme og gjennomføre folkeavstemninger som de vil, men de vil uansett være rådgivende for kommunestyret.

At en folkeavstemning er rådgivende, innebærer at et kommunestyre ikke er rettslig forpliktet til å følge resultatet av en folkeavstemning. Resultatet av en folkeavstemning må tolkes som et råd fra innbyggerne som sier noe om deres ønsker og forventninger, men det binder ikke utfallet av en sak. Kommunestyret står fritt til å fortolke resultatet selv, og kan velge å se bort ifra resultatet i den videre politiske behandlingen av saken. Kommunestyret må selv treffe og stå ansvarlig for et endelig vedtak uavhengig av om de følger innbyggernes råd eller ikke.

Selv om velgerne i en folkeavstemning ikke kan stilles ansvarlig for det endelige utfallet av en sak, vil departementet oppfordre til at det gjennomføres gode prosesser når en folkeavstemning skal følges opp. Særlig i tilfeller der kommunestyret fatter vedtak i strid med utfallet av en rådgivende folkeavstemning, er det viktig at prosessene er åpne og informasjonen god nok til at velgerne kan ha tillit til at resultatet har blitt tatt på alvor av de folkevalgte

Det står vidare følgjande i veilederen:

- Ei lokal folkerøysting kan gjennomførast på kva tidspunkt som helst som kommunestyret bestemmer, men skal ikkje leggjast til eit tidspunkt ein for eksempel kan vente at mange er på reise.
Flest mogleg skal ha moglegheit til å avgje si røyst.
- Ved folkerøysting mellom valg er det særskilt viktig med god informasjon til veljarane.
- Det er naturleg å ta utgangspunkt i stemmerettsreglane for lokalval men kommunen kan velje å setje ein lavare stemmerettsalder for å engasjere unge innbyggjarar.
- Departementet anbefalar kommunen å legge ut manntallet for folkerøystinga til offentleg ettersyn
- Viktig at innbyggjarane har moglegheit til å setje seg godt inn i saken det skal stemmast over og vurdere konsekvensane av forslaget. Kommunen bør informere om folkerøystinga i god tid for den skal gjennomførast.
- Veljarane bør informerast om korleis resultatet av stemmegjevinga skal brukast, sjølv om resultatet er rådgjevande.
- Det vert anbefalt at kommunen bør ta eit sjølvstendig ansvar for å informere veljarane, ut over den informasjonen dei sjølve kan fange opp fra media og andre kanalar.
- Formuleringane av spørsmål og svaralternativer som det skal røystast over, bør vere kjent for dei stemmeberettiga på førehand.
- Utstyr til folkerøystinga bør ha eit visst offisielt preg og ivareta hensyn til hemmeleg val og lokaler være universelt utforma.

- Departementet anbefaler kommuner å fastsette egne retningslinjer for klage på gjennomføringa av folkerøystinga.
- Spørsmål på stemmesetelen bør formulerast klart og utvetydig.
- Etter folkerøystinga er det naturleg at saka vert tatt opp til handsaming i kommunestyret som fattar ei endeleg beslutning.
- Godkjenning av resultatet dreier seg fyrst og fremst om alle prosedyrer som er bestemt for røystinga er fulgt.
- Kommunestyret kan bestemme at oppmøte i folkerøystinga må vere høgare enn ein gjett minsteverdi for at ein skal sjå på resultatet som eit tydeleg råd. Dette bør vere kjent for veljarane på førehand.

Tidspunkt og stad for røysting

Administrasjonen tilrår at folkerøystinga blir gjennomført før sommarferien i staden for til hausten. Bakgrunnen er praktiske omsyn, då det ligg føre fleire større og ressurskrevjande arbeidsoppgåver i hausthalvåret.

For å redusere kostnader og sikre ei effektiv gjennomføring, er det ønskjeleg at både førehandsrøysting og valdag blir gjennomført ved servicetorget på rådhuset i Måløy.

Ein kan vurdere å ha langope ein ettermiddag i løpet av førehandsrøysteperioden.

Personar som oppheld seg utanfor kommunen kan nytte brevrøyst.

Informasjon i forkant og undervegs i røysteperioden

Informasjon om røystinga vil bli kunngjort like etter vedtak i kommunestyret 05.03.2026, på kommunen si heimeside, via Friskus-appen, i sosiale medium, gjennom annonser i lokalavisa.

I tillegg vert det sendt brev til alle med røysterett innan 10.05.2026.

Vedtak i sak om målform

Nytt vedtak om hovudmål kan ikkje gjerast før det har gått fem år, jf. opplæringslova § 15-2. Vedtak om målform ved Skram skule vart sist vedtatt 28.10.2026. Vedtak etter folkerøystinga i juni i år kan tidlegast skje i kommunestyre 17.11.2026.

Vurderingar:

Den rådgjevande folkerøystinga blir gjennomført i tråd med vallova sine føresegner, samt gjeldande rettleiar om lokale rådgjevande folkeavstemmingar.

Røystinga vil finne stad på servicetorget på rådhuset i Måløy. Det vil bli nytta stemmeavlukker og valurner og det vil bli gitt klar og tydeleg informasjon til veljarane på røystestaden.

Førehandsrøystinga blir og gjennomført ved servicetorget på rådhuset i Måløy.

Det blir og lagt til rette for at personar som oppheld seg utanfor kommunen, kan sende inn brevrøyst.

Informasjon om røystinga vil bli kunngjort på kommunen si heimeside, via Friskus-appen, i sosiale medium, gjennom annonser i lokalavisa, og i brev til alle med røysterett.

Nytt vedtak om hovudmål på Skram skole skjer i kommunestyret 17.11.2026.

Økonomiske konsekvensar:

Kostnadane vil i hovudsak vere knytt til produksjon av stemmesetlar, uttrekk av manntal og annonsekostnader i lokalavis. Det er per no ikkje innhenta prisoverslag for desse utgiftene.

Utgiftene knytt til gjennomføring av den rådgjevande folkerøystinga vil bli dekte innanfor driftsbudsjettet til oppvekstsektoren.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Kommuneloven § 12-2 Folkeavstemninger

Kommuneloven §16-1 Rapportering til staten (Kostra)

Opplæringslova §15-2

Forskrift til opplæringslova, kapittel 3; Rådgivande røysting om skifte av hovudmål i grunnskolen og saksbehandling ved godkjenning av privat grunnskole

Veileder om lokale rådgivende folkeavstemninger

Vallova

Valforskrifta

Vedlegg:

Retningslinjer for klage på rådgjevande folkerøysting

Retningslinjer for klage på rådgjevande folkerøysting

Lov om valg til Stortinget, fylkesting og kommunestyre (valgloven) - Lovdata

Andre dokument i saken:

Retningslinjer for klage på rådgjevande folkerøysting

Retningslinjer for klage på rådgjevande folkerøysting

Lov om valg til Stortinget, fylkesting og kommunestyre (valgloven) - Lovdata

Bakgrunn for saka:

Kommunestyret gjorde i sak 135/25, punkt 19 følgjande vedtak:

Det vert gjennomført rådgjevande folkerøysting i samsvar med opplæringslova § 15-2, andre ledd hausten 2026, med mål om å endre målform ved Skram skule frå bokmål til nynorsk frå skuleåret 2027-2028.

Saksopplysningar:

Det er kommunelova sine føresegner i § 12-2 som heimlar kommunen sin rett til å gjennomføre ei rådgjevande folkerøysting. § 16-1 pålegg kommunane å rapportere resultat frå lokale folkerøystinga till staten.

Rådgjevande folkerøysting skal gjennomførast so langt som mogleg med utgangspunkt i vallova sine føresegner.

Folkerøysting om målform er i dag lovregulert gjennom Opplæringslova § 15-2, og er den einaste forma for lokal folkerøysting kor det er lovfesta kva som utløyser folkerøysting og kven som skal ha røysterett.

§ 15-2. Hovudmål på kvar skole

Kommunen og fylkeskommunen gir forskrift om kva skriftspråk som skal vere hovudmålet på kvar skole, anten bokmål eller nynorsk. Skolen skal bruke hovudmålet i den skriftlege opplæringa og i den skriftlege kommunikasjonen med elevane og foreldra. I samband med skifte av hovudmål på ein grunnskole eller når eit fleirtal i kommunestyret eller minst 1/4 av dei røysteføre i kommunen krev det, skal det haldast rådgivande røysting. Nytt vedtak om hovudmål kan ikkje gjerast før det har gått fem år. Departementet kan gi forskrift om røysterett, ansvar for røystinga og organisering av røystinga.

I forskrift til opplæringslova står det følgjande:

Kapittel 3. Rådgivande røysting om skifte av hovudmål i grunnskolen og

saksbehandling ved godkjenning av privat grunnskole

(opplæringslova § 15-2 andre ledd og § 22-1)

§ 3-1. Kven som har rett til å røyste om skifte av hovudmål

Rett til å røyste om skifte av hovudmål i grunnskolen har alle som oppfyller desse tre vilkåra:

- a. Dei bur i det området som soknar til skolen etter opplæringslova § 2-6.
- b. Dei har røysterett etter valgloven § 2-2.
- c. Dei står innførte i folkeregisteret som busette i kommunen den 30. dagen før røyستمøtet.

Røysterett har også foreldre til

- a. barn på 1. til 7. trinn ved skolen
- b. barn som er tildelte skoleplass på 1. til 7. trinn ved skolen.

Kravet om å komme med som røystefør forelder må vere levert til eller fremja for kommunen seinast tre veker etter at røystinga er kunngjort første gong.

§ 3-2. Organisering av røystinga om skifte av hovudmål

Kommunen skal fastsetje tid og stad for røystinga og sørgje for å kalle inn dei røysteføre med minst fire vekers frist. Innkallinga skal ha med opplysningar om

- a. kva røystinga gjeld
- b. kven som har røysterett
- c. når og kvar røystinga skal haldast
- d. når og kvar førehandsrøystinga skal haldast.

Røystinga skal vere skriftleg.

Dei som har rett til å røyste, men ikkje kan vere til stades ved røystinga, har rett til å røyste på førehand.

I Veileder om lokale rådgivende folkeavstemninger står det bl.a følgjande:
(Veileder ligg som vedlegg til saka:)

1.7 Folkeavstemningers rådgivende status

Norske kommuner kan ikke gjennomføre bindende folkeavstemninger. Kommuner kan utforme og gjennomføre folkeavstemninger som de vil, men de vil uansett være rådgivende for kommunestyret.

At en folkeavstemning er rådgivende, innebærer at et kommunestyre ikke er rettslig forpliktet til å følge resultatet av en folkeavstemning. Resultatet av en folkeavstemning må tolkes som et råd fra innbyggerne som sier noe om deres ønsker og forventninger, men det binder ikke utfallet av en sak. Kommunestyret står fritt til å fortolke resultatet selv, og kan velge å se bort ifra resultatet i den videre politiske behandlingen av saken. Kommunestyret må selv treffe og stå ansvarlig for et endelig vedtak uavhengig av om de følger innbyggernes råd eller ikke.

Selv om velgerne i en folkeavstemning ikke kan stilles ansvarlig for det endelige utfallet av en sak, vil departementet oppfordre til at det gjennomføres gode prosesser når en folkeavstemning skal følges opp. Særlig i tilfeller der kommunestyret fatter vedtak i strid med utfallet av en rådgivende folkeavstemning, er det viktig at prosessene er åpne og informasjonen god nok til at velgerne kan ha tillit til at resultatet har blitt tatt på alvor av de folkevalgte

Det står vidare følgjande i veilederen:

- Ei lokal folkerøysting kan gjennomførast på kva tidspunkt som helst som kommunestyret bestemmer, men skal ikkje leggjast til eit tidspunkt ein for eksempel kan vente at mange er på reise.
Flest mogleg skal ha moglegheit til å avgje si røyst.

- Ved folkerøysting mellom valg er det særskilt viktig med god informasjon til veljarane.
- Det er naturleg å ta utgangspunkt i stemmerettsreglane for lokalval men kommunen kan velje å setje ein lavare stemmerettsalder for å engasjere unge innbyggjarar.
- Departementet anbefaler kommunen å legge ut manntallet for folkerøystinga til offentleg ettersyn
- Viktig at innbyggjarane har moglegheit til å setje seg godt inn i saken det skal stemmast over og vurdere konsekvensane av forslaget. Kommunen bør informere om folkerøystinga i god tid for den skal gjennomførast.
- Veljarane bør informerast om korleis resultatet av stemmegjevinga skal brukast, sjølv om resultatet er rådgjevande.
- Det vert anbefalt at kommunen bør ta eit sjølvstendig ansvar for å informere veljarane, ut over den informasjonen dei sjølve kan fange opp fra media og andre kanalar.
- Formuleringane av spørsmål og svaralternativer som det skal røystast over, bør vere kjent for dei stemmeberettiga på førehand.
- Utstyr til folkerøystinga bør ha eit visst offisielt preg og ivareta hensyn til hemmeleg val og lokaler være universelt utforma.
- Departementet anbefaler kommuner å fastsette eigne retningslinjer for klage på gjennomføringa av folkerøystinga.
- Spørsmål på stemmesetelen bør formulerast klart og utvetydig.
- Etter folkerøystinga er det naturleg at saka vert tatt opp til handsaming i kommunestyret som fattar ei endeleg beslutning.
- Godkjenning av resultatet dreier seg fyrst og fremst om alle prosedyrer som er bestemt for røystinga er fulgt.
- Kommunestyret kan bestemme at oppmøte i folkerøystinga må vere høgare enn ein gjett minsteverdi for at ein skal sjå på resultatet som eit tydeleg råd. Dette bør vere kjent for veljarane på førehand.

Tidspunkt og stad for røysting

Administrasjonen tilrår at folkerøystinga blir gjennomført før sommarferien i staden for til hausten. Bakgrunnen er praktiske omsyn, då det ligg føre fleire større og ressurskrevjande arbeidsoppgåver i hausthalvåret.

For å redusere kostnader og sikre ei effektiv gjennomføring, er det ønskeleg at både førehandsrøysting og valdag blir gjennomført ved servicetorget på rådhuset i Måløy.

Ein kan vurdere å ha langope ein ettermiddag i løpet av førehandsrøysteperioden.

Personar som oppheld seg utanfor kommunen kan nytte brevrøyst.

Informasjon i forkant og undervegs i røysteperioden

Informasjon om røystinga vil bli kunngjort like etter vedtak i kommunestyret 05.03.2026, på kommunen si heimeside, via Friskus-appen, i sosiale medium, gjennom annonser i lokalavisa.

I tillegg vert det sendt brev til alle med røysterett innan 10.05.2026.

Vedtak i sak om målform

Nytt vedtak om hovudmål kan ikkje gjerast før det har gått fem år, jf. opplæringslova § 15-2. Vedtak om målform ved Skram skule vart sist vedtatt 28.10.2026. Vedtak etter folkerøystinga i juni i år kan tidlegast skje i kommunestyre 17.11.2026.

Vurderingar:

Den rådgjevande folkerøystinga blir gjennomført i tråd med vallova sine føresegner, samt gjeldande rettleiar om lokale rådgjevande folkeavstemmingar.

Røystinga vil finne stad på servicetorget på rådhuset i Måløy. Det vil bli nytta stemmeavlukker og valurner og det vil bli gitt klar og tydeleg informasjon til veljarane på røystestaden.

Førehandsrøystinga blir og gjennomført ved servicetorget på rådhuset i Måløy.

Det blir og lagt til rette for at personar som oppheld seg utanfor kommunen, kan sende inn brevrøyst.

Informasjon om røystinga vil bli kunngjort på kommunen si heimeside, via Friskus-appen, i sosiale medium, gjennom annonser i lokalavis, og i brev til alle med røysterett.

Nytt vedtak om hovudmål på Skram skole skjer i kommunestyret 17.11.2026.

Økonomiske konsekvensar:

Kostnadane vil i hovudsak vere knytt til produksjon av stemmesetlar, uttrekk av manntal og annonsekostnader i lokalavis. Det er per no ikkje innhenta prisoverslag for desse utgiftene.

Utgiftene knytt til gjennomføring av den rådgjevande folkerøystinga vil bli dekte innanfor driftsbudsjettet til oppvekstsektoren.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Kommuneloven § 12-2 Folkeavstemninger

Kommuneloven §16-1 Rapportering til staten (Kostra)

Opplæringslova §15-2

Forskrift til opplæringslova, kapittel 3; Rådgivande røysting om skifte av hovudmål i grunnskolen og saksbehandling ved godkjenning av privat grunnskole

Veileder om lokale rådgivande folkeavstemninger

Vallova

Valforskrifta

Behandling i Kommunestyret 05.03.2026:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

KOST- 036/26 Vedtak:

Rådgjevande folkerøysting – Endring av målform for Skram skole, vert gjennomført slik:

1. Røystedato 15.06.2026.
2. Røysting skjer på Servicetorget på rådhuset i Måløy.
3. Førehandsrøysting skjer i perioden 01.06.2026 – 12.06.2026.
4. Førehandsrøystinga skjer på servicetorget på rådhuset i Måløy.
5. Skjeringsdato for manntal/kven som er røysteføre, vert sett til 30.04.2026
6. Informasjon om rådgjevande folkerøysting vert sendt til dei som har røysterett innan 10.05.2026.
7. Tekst på røystesetel og svaralternativ: «Målform ved Skram skule fom skuleåret 2027/2028 vert:» «Bokmål», «Nynorsk», «Blank».
8. Retningslinjer for klage på gjennomføring/førebuingar av rådgjevande folkerøysting vert vedteke slik dei ligg føre.
9. Kommunestyret gjev valstyret ansvaret for den rådgjevande folkerøystinga
10. Valstyret gjev administrasjonen fullmakter til å førebu og gjennomføre den rådgjevande folkerøystinga.
11. Oppteljing skjer 16.06.2026.
12. Sak om rådgjevande folkerøysting kjem til handsaming i kommunestyret 17.11.2026.


13. Utgifter til rådgjevande folkerøysting vert å dekke over driftsutgifter innan oppvekst.

Vedlegg i saken:

Retningslinjer for klage på rådgjevande folkerøysting

Retningslinjer for klage på rådgjevande folkerøysting

Lov om valg til Stortinget, fylkesting og kommunestyre (valgloven) - Lovdata



Saksnr.	Utval	Møtedato
006/26	Helse-, sosial- og omsorgsutvalet	10.02.2026
037/26	Kommunestyret	05.03.2026

Salsløyve -Coop Nordvest SA- 2024-2028

KOST- 037/26 Vedtak:

Coop Nordvest SA, org nr. 942 763 654, ved dagleg leiar Asle Hammersvik får løyve til sal og utlevering av drikk med inntil 4,7% alkohol, gruppe 1, i omsøkte og godkjente lokale for dette, P.G.Frantzen Eigedom AS, Myrane 13. Plasseringa av alkoholhaldig drikk er godkjent i samsvar med framlagt skisse for dette, jf. alkoholpolitiske retningslinjer punkt 6.2.

Løyveperiode: Løyvet gjeld til 30.09.2028.
Godkjent styrar: Asle Hammersvik født 25.07.2008
Godkjent stadavlysar: Lisbeth Refvik født 16.09.1985
Godkjent lokale: Coop Nordvest SA, Måløy Stormarked, 6718
Deknepollen, etter framlagte teikningar
Alkoholvarer: Alkoholhaldig drikk gruppe 1
Type verksemd: Daglegvareforretning
Salstid: Dei til ei kvar tid gjeldande salstider for
alkoholhaldig drikk gruppe 1 i Kinn kommune.

Vilkår: Dei til ei kvar tid gjeldande statlege vilkår for salsstader, jfr Alkohollova med forskrift, og Kinn kommune sine alkoholpolitiske retningslinjer for perioden 2024 – 2028.

Vedtak som innstilling frå Helse-, sosial- og omsorgsutvalet - 10.02.2026

Coop Nordvest SA, org nr. 942 763 654, ved dagleg leiar Asle Hammersvik får løyve til sal og utlevering av drikk med inntil 4,7% alkohol, gruppe 1, i omsøkte og godkjente lokale for dette, P.G.Frantzen Eigedom AS, Myrane 13. Plasseringa av alkoholhaldig drikk er godkjent i samsvar med framlagt skisse for dette, jf. alkoholpolitiske retningslinjer punkt 6.2.

Løyveperiode: Løyvet gjeld til 30.09.2028.
Godkjent styrar: Asle Hammersvik født 25.07.2008
Godkjent stadavlysar: Lisbeth Refvik født 16.09.1985
Godkjent lokale: Coop Nordvest SA, Måløy Stormarked, 6718
Deknepollen, etter framlagte teikningar
Alkoholvarer: Alkoholhaldig drikk gruppe 1

Type verksemd: Daglegvareforretning
Salstid: Dei til ei kvar tid gjeldande salstider for
alkoholhaldig drikk gruppe 1 i Kinn kommune.

Vilkår: Dei til ei kvar tid gjeldande statlege vilkår for salsstader, jfr Alkohollova med forskrift, og Kinn kommune sine alkoholpolitiske retningsliner for perioden 2024 – 2028.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Coop Nordvest SA, org nr. 942 763 654, ved dagleg leiar Asle Hammersvik får løyve til sal og utlevering av drikk med inntil 4,7% alkohol, gruppe 1, i omsøkte og godkjente lokale for dette, P.G.Frantzen Eigedom AS, Myrane 13. Plasseringa av alkoholhaldig drikk er godkjent i samsvar med framlagt skisse for dette, jf. alkoholpolitiske retningsliner punkt 6.2.

Løyveperiode: Løyvet gjeld til 30.09.2028.
Godkjent styrar: Asle Hammersvik født 25.07.2008
Godkjent stadavløysar: Lisbeth Refvik født 16.09.1985
Godkjent lokale: Coop Nordvest SA, Måløy Stormarked, 6718
Deknepollen, etter framlagte teikningar
Alkoholvarer: Alkoholhaldig drikk gruppe 1
Type verksemd: Daglegvareforretning
Salstid: Dei til ei kvar tid gjeldande salstider for
alkoholhaldig drikk gruppe 1 i Kinn kommune.

Vilkår: Dei til ei kvar tid gjeldande statlege vilkår for salsstader, jfr Alkohollova med forskrift, og Kinn kommune sine alkoholpolitiske retningsliner for perioden 2024 – 2028.

Bakgrunn for saka:

Kinn kommune har motteke søknad om løyve til sal av alkoholhaldig drikk i gruppe 1 (inntil 4,7 %) frå Coop Nordvest SA. Søknaden gjeld ein nyetablert daglegvarebutikk på Måløy Stormarked i Deknepollen.

Saksopplysningar:

Søkjjar har lagt fram den dokumentasjonen som ein slik søknad krev. Coop Nordvest SA tek over lokalet den 15.02.2026, og vil ha oppstart av drift medio mars.

Vurderingar:

Søknaden om salsløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1 er i tråd med alkohollova og kommunen sine alkoholpolitiske retningsliner for sal av alkohol. Verksemda er ein daglegvarebutikk, noko som fell innanfor dei etablerte rammene for tildeling av slikt løyve.

Kommunedirektør tilrår at salsløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1 vert godkjent.

Økonomiske konsekvensar:

I samsvar med gjeldande lovverk vil det bli gjennomført kontroll med utøvinga av det gjevne salsløyvet. Kontrollen vert utført av det kontrollselskapet kommunen har avtale med.

Vidare vil Kinn kommune årleg krevje inn gebyr for å inneha kommunalt løyve for sal av alkoholhaldig drikk. Gebyret skal dekkje kommunen sine kostnader knytte til oppfølging og kontroll av løyvet.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1989-06-02-27>

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2005-06-08-538>

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2005-06-08-539>

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1994-12-15-1187>

<https://kinn.kommune.no/vare-tenester/naring-og-skatt/alkohol-og-servering/alkoholpolitiske-retningslinjer-2024-2028/>

Behandling i Kommunestyret 05.03.2026:

FrP v/repr. Djuvik bemerker at fødselsdato på styrar er feil og må rettast opp.

Røysting:

Innstilling frå Helse-, sosial- og omsorgsutvalet samrøystes vedteke.

KOST- 037/26 Vedtak:

Coop Nordvest SA, org nr. 942 763 654, ved dagleg leiar Asle Hammersvik får løyve til sal og utlevering av drikk med inntil 4,7% alkohol, gruppe 1, i omsøkte og godkjente lokale for dette, P.G.Frantzen Eigedom AS, Myrane 13. Plasseringa av alkoholhaldig drikk er godkjent i samsvar med framlagt skisse for dette, jf. alkoholpolitiske retningslinjer punkt 6.2.

Løyveperiode:	Løyvet gjeld til 30.09.2028.
Godkjent styrar:	Asle Hammersvik født 25.07.2008
Godkjent stadavløysar:	Lisbeth Refvik født 16.09.1985
Godkjent lokale:	Coop Nordvest SA, Måløy Stormarked, 6718
Deknepollen, etter framlagte teikningar	
Alkoholvare:	Alkoholhaldig drikk gruppe 1
Type verksemd:	Daglegvareforretning
Salstid:	Dei til ei kvar tid gjeldande salstider for
alkoholhaldig drikk gruppe 1 i	Kinn kommune.

Vilkår: Dei til ei kvar tid gjeldande statlege vilkår for salsstader, jfr Alkohollova med forskrift, og Kinn kommune sine alkoholpolitiske retningslinjer for perioden 2024 – 2028.

Behandling i Helse-, sosial- og omsorgsutvalet 10.02.2026:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

HSOUV- 006/26 Vedtak:


Coop Nordvest SA, org nr. 942 763 654, ved dagleg leiar Asle Hammersvik får løyve til sal og utlevering av drikk med inntil 4,7% alkohol, gruppe 1, i omsøkte og godkjente lokale for dette, P.G.Frantzen Eigedom AS, Myrane 13. Plasseringa av alkoholhaldig drikk er godkjent i samsvar med framlagt skisse for dette, jf. alkoholpolitiske retningsliner punkt 6.2.

Løyveperiode:	Løyvet gjeld til 30.09.2028.
Godkjent styrar:	Asle Hammersvik født 25.07.2008
Godkjent stadavløysar:	Lisbeth Refvik født 16.09.1985
Godkjent lokale:	Coop Nordvest SA, Måløy Stormarked, 6718
Deknepollen, etter framlagte teikningar	
Alkoholware:	Alkoholhaldig drikk gruppe 1
Type verksemd:	Daglegvareforretning
Salstid:	Dei til ei kvar tid gjeldande salstider for
alkoholhaldig drikk gruppe 1 i	Kinn kommune.

Vilkår: Dei til ei kvar tid gjeldande statlege vilkår for salsstader, jfr Alkohollova med forskrift, og Kinn kommune sine alkoholpolitiske retningsliner for perioden 2024 – 2028.

Vedlegg i saken:

Extra Måløy 2915 foreløpig rev.1



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
026/26	Formannskapet	24.02.2026
038/26	Kommunestyret	05.03.2026

Region Fjordane - vidareføring av samarbeidet

KOST- 038/26 Vedtak:

1. Kommunen vedtek å vidareføre deltakinga i Fjordane interkommunale politiske råd (IPR).
2. Kommunen godkjenner den reviderte samarbeidsavtalen for Fjordane IPR.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 24.02.2026

1. Kommunen vedtek å vidareføre deltakinga i Fjordane interkommunale politiske råd (IPR).
2. Kommunen godkjenner den reviderte samarbeidsavtalen for Fjordane IPR.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunen vedtek å vidareføre deltakinga i Fjordane interkommunale politiske råd (IPR).
2. Kommunen godkjenner den reviderte samarbeidsavtalen for Fjordane IPR.

Bakgrunn for saka:

Fjordane interkommunale politiske råd (IPR) vart etablert for å styrkje samarbeidet mellom kommunane i regionen og vere ein politisk arena for samhandling, interessepolitikk og strategisk utvikling. Samarbeidet er forankra i samarbeidsavtalen som vart vedteken i mars 2022, og som vart justert i mars 2024 etter at Høyanger kommune kom med som medlem.

Som ein del av saksførebuinga ved etableringa av Fjordane IPR i 2022 vart det foreslått at regionrådet skulle ha ei prøveperiode på tre år. Etter denne perioden har rådet gjennomført ei evaluering for å vurdere korleis Fjordane IPR fungerer som politisk

samarbeidsarena, og korleis organiseringa støttar opp under formålet med etableringa. I rådsmøtet 31.10.25 var det i rådsmøte semje om vidareføring av Fjordane IPR og at ein ønskjer å sende saka vidare til medlemskommunane for politisk handsaming. Vedlegg til saka er ny samarbeidsavtale, evaluering av Fjordane IPR og årsrapportar.

Saksopplysningar:

Fjordane interkommunale politiske råd (IPR) har sitt utspring i fylkeskommunen sitt arbeid med regional planstrategi, der kommunane i Nordfjord og Sunnfjord vart definerte som ein naturleg samarbeidsregion. Fram til dette var kommunane organiserte i tre ulike regionråd, som kvar for seg ivaretok politisk samarbeid og utviklingsarbeid i sine delregionar. Etter kommunesamanslåingane i 2020 vart denne strukturen mindre tenleg, for nokre kommunar, og det oppstod eit behov for å sjå regionen meir samla for å styrkje politisk påverknadskraft og koordinering av felles satsingsområde.

Vestland fylkeskommune tok derfor initiativ til å vurdere ei meir heilskapleg organisering av det interkommunale politiske samarbeidet. Som del av dette arbeidet har fylkeskommunen også styrka den økonomiske satsinga på regionråda, ved å auke det årlege tilskotet frå 300 000 kroner til 600 000 kroner.

Dette arbeidet førte fram til etableringa av Fjordane IPR i 2021, med mål om å vere ein samla politisk arena for samhandling, interessepolitikk og strategisk utvikling i regionen. I mars 2022 vedtok kommunane den første samarbeidsavtalen for Fjordane IPR, og avtalen vart justert i 2024 etter at Høyanger kommune kom inn som nytt medlem. Sidan etableringa har rådet arbeidd med sentrale tema som samferdsel, kraft, rekruttering og verdiskaping, og har vore ein viktig politisk aktør både regionalt og nasjonalt. I løpet av 2023 vart Hafs-regionråd og Nordfjodrådet formelt avvikla som politisk råd.

Dagens status for Fjordane IPR

Fjordane interkommunale politiske råd har no vore i drift i tre år, og i denne perioden har rådet etablert seg som ein samla og tydeleg politisk aktør for kommunane i regionen. Rådet har vore ein pådrivar i viktige saker knytt til samferdsel, kraft, rekruttering og verdiskaping, og har fungert som felles talerøyr overfor fylkeskommunale og nasjonale styresmakter.

Fjordane IPR har vore drifta med Stad kommune som vertskommune. Vertskommunen har hatt ansvar for arbeidsgjevaransvar, rekneskap og arkivering av sakene til regionrådet. Regionrådet har hatt ein ressurs på 50 prosent som har hatt ansvar for å byggje opp strukturane, førebu saker og sikre framdrift i den daglege drifta. Dette har vore avgjerande for å få på plass gode rutinar, møteplassar og arbeidsformer i det nye regionrådet. I samband med evalueringa erkjenner ein at det er behov for å ha ein større ressurs til regionsamarbeidet. På noverande tidspunkt vel ein ikkje å auke opp. Arbeidet i rådet er basert på konsensus og felles prioriteringar, og det har vore eit gjennomgåande mål å byggje tillit og samarbeidskultur i ein regionrådsstruktur som er ny for fleire av kommunane. Sjølv om Fjordane IPR framleis er i utvikling, har rådet etablert eit solid fundament og har eit tydeleg potensial for vidare styrking av det politiske samarbeidet i regionen.

Regionrådet følgjer dei intensjonane som ligg til grunn i samarbeidsavtalen, og Fjordane IPR er organisert etter kommunelova § 18 som eit interkommunalt politisk råd. Det er utarbeidd årlege årsrapportar som dokumenterer aktivitet og resultat, og rapportane viser god framdrift innan dei prioriterte temaområda og eit aukande samarbeid på tvers av kommunane.

Som ein del av arbeidet med å styrkje samarbeid og felles politikkutvikling har Fjordane IPR etablert Formannskapskonferansen som ein årleg møteplass for politikarar og leiinga

i administrasjonen. Konferansen er ein sentral arena for å løfte opp felles utfordringar og moglegheiter, dele kunnskap og invitere inn relevante regionale og nasjonale aktørar. Konferansen har fokus på at kommunane presentert arbeid som vert gjort lokalt og regionalt, og deltakarane får høve til å drøfte strategiske satsingsområde på tvers av kommunegrenser. Formannskapskonferansen har utvikla seg til ein viktig møteplass for politisk dialog, kompetansebygging og samordning av prioriterte utviklingsområde i regionen.

Sekretariatsfunksjonen, som er lagt til Region Fjordane, vert vurdert som velfungerande og samlande for det politiske arbeidet. Sekretariatet har vore sentralt for koordinering, saksførebuing og samhandling mellom rådet, arbeidsutvalet og kommunane. Den økonomiske drifta er stabil og føreseieleg. Kommunane bidreg med ein årleg kontingent på kr 50 000, og rådet mottar eit fast tilskot frå Vestland fylkeskommune på kr 600 000. I tillegg kjem prosjektmidlar og samarbeid om ulike utviklingstiltak.

Bakgrunn for evalueringa

Som ein del av saksførebuinga ved etableringa av Fjordane IPR vart det lagt inn ei prøveperiode på tre år, med mål om å evaluere korleis samarbeidet fungerer og om organiseringa er føremålstenleg for vidare utvikling. Evalueringa er gjennomført og har hatt som mål å få fram både styrkar og forbedringspunkt, og å gi eit godt grunnlag for ei vidare profesjonalisering av samarbeidet.

Resultata viser at rådet har etablert ein tydeleg politisk rolle, eit godt omdøme og ein velfungerande struktur. Samstundes peikar fleire på behovet for justeringar som kan styrkje samhandlinga mellom arbeidsutvalet, kommunedirektørnettverket og sekretariatet.

Arbeidsutvalet bør ha eit endå klarare strategisk fokus, særleg knytt til prioritering av politiske satsingar og tilrettelegging av saker til rådsmøta. Det er brei semje om at sekretariatet fungerer godt og sikrar både framdrift, struktur og koordinering. Samstundes viser evalueringa at ressursgrunnlaget på sikt kan bli for stramt dersom aktivitetsnivået aukar. Det blir difor peika på eit framtidig behov for å styrkje sekretariatsfunksjonen, men det er ikkje foreslått konkrete endringar i ressursar eller finansiering på noverande tidspunkt.

Evalueringa stadfestar at kommunane ønskjer å halde fram samarbeidet, og at Fjordane IPR i løpet av treårsperioden har etablert seg som ein tydeleg felles politisk arena og ein viktig pådrivar for regionale interesser. Evalueringa vart handsama i regionrådet den 31.10.2025 og ligg ved saka som vedlegg.

Vurderingar:

Fjordane IPR har gjennom treårsperioden etablert seg som ein tydeleg og samlande politisk aktør for kommunane i regionen. Rådet har bidrege til å styrkje samarbeid, koordinering og politisk påverknadskraft innan sentrale område som samferdsel, kraft og verdiskaping. Evalueringa viser at arbeidsforma fungerer godt, og at både politikarar og administrasjon opplever at samarbeidet gir meirverdi.

Samla sett viser evalueringa at Fjordane IPR er eit robust og føremålstenleg samarbeidsorgan som har utvikla regionen si evne til å opptre samla i politisk. Det er brei semje om å vidareføre samarbeidet, og dei foreslåtte justeringane i samarbeidsavtalen vil bidra til å tydeleggjere roller og styrkje strukturen for vidare arbeid.

Økonomiske konsekvensar:

«Skriv her»

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«Skriv her»

Behandling i Kommunestyret 05.03.2026:

Røysting:

Innstilling frå formannskapet samrøystes vedteke.

KOST- 038/26 Vedtak:

1. Kommunen vedtek å vidareføre deltakinga i Fjordane interkommunale politiske råd (IPR).
2. Kommunen godkjenner den reviderte samarbeidsavtalen for Fjordane IPR.

Behandling i Formannskapet 24.02.2026:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

FORM- 026/26 Vedtak:


1. Kommunen vedtek å vidareføre deltakinga i Fjordane interkommunale politiske råd (IPR).
2. Kommunen godkjenner den reviderte samarbeidsavtalen for Fjordane IPR.

Vedlegg i saken:

Årsmelding 2025 Fjordane IPR

Årsmelding 2024

Samarbeidsavtale-Fjordane IPR (1)



Saksnr.	Utval	Møtedato
039/26	Kommunestyret	05.03.2026

Samarbeidsavtale for Forsvarsforum Vestland IPR

KOST- 039/26 Vedtak:

1. Kinn kommune godkjenner samarbeidsavtala for Forsvarsforum Vestland IPR, som vedlagt i saka.
2. Ordførar er fast medlem av representantskapet i Forsvarsforum Vestland IPR. Varamedlem vert varaordførar.
For det tilfelle at både ordførar og varaordførar har forfall til representantskapet, så har ordførar rett til å peike ut ein møtande vara for Kinn kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kinn kommune godkjenner samarbeidsavtala for Forsvarsforum Vestland IPR, som vedlagt i saka.
2. Ordførar er fast medlem av representantskapet i Forsvarsforum Vestland IPR. Varamedlem vert:_____.

Bakgrunn for saka:

Forsvarsforum Vestland IPR er oppretta etter vedtak i fylkestinget i 01.10.2025. Forumet er etablert for å styrkje samhandlinga mellom fylkeskommunen, kommunane og andre relevante aktørar i lys av forsvaret og samfunnet sine behov. Sekretariatet for forsvarsforumet har teke kontakt med medlemskommunane, og ber om at kommunen vurderer og behandlar samarbeidsavtala som er vedlagt saka.

Saksopplysningar:

Forsvarsforum Vestland er eit interkommunalt politisk råd (IPR) oppretta i medhald av kommunelova § 18. Forumet er ikkje eit eige rettssubjekt.

Forsvarsforum Vestland IPR skal vere eit forsvarspolitisk samarbeidsforum som skal arbeide for å ta vare på Vestland sine interesser knytt til sjøforsvaret og totalforsvaret sin aktivitet i Vestland. Forsvarsforum Vestland skal arbeide for å styrke beredskap og industri gjennom auka bruk av lokale leverandørar. Målet er ein sterk region kor nasjonale sikkerheitsinteresser, forsvaret og næringslivet nyttar kvarandre.

Samarbeidsforumet består av:
Vestland fylkeskommune
Bergen kommune
Øygarden kommune
Bjørnafjorden kommune
Askøy kommune
Alver kommune
Stord kommune
Kinn kommune

I tråd med kommunelova § 18-1 er representantskap det øvste organet i eit interkommunalt politisk råd. Det følger av lova at alle deltakarar skal vere representert med minst eitt medlem i representantskapet.

I representantskapet i Forsvarsforum Vestland IPR skal kvar medlemskommune ha eitt medlem med vara. Funksjonstida er på 4 år.

Representantskapet i Forsvarsforum Vestland IPR skal frå starten bestå av fylkesordførar i Vestland fylkeskommune, byrådsleiar i Bergen og ordførarane i Øygarden kommune, Bjørnafjorden kommune, Askøy kommune, Alver kommune, Stord kommune og Kinn kommune. Fylkesvaraordførar og varaordførar, evt. andre representantar peika ut frå formannskap/byråd, trer inn ved forfall.

Medlemskommunen sin administrasjon, til dømes fylkesdirektør og kommunedirektørar, kan stille i møte med talerett i tråd med kommunelova § 13-1 femte ledd.

Leiar av Forsvarsforum Vestland er fylkesordførar i Vestland fylkeskommune.

Vurderingar:

Samarbeidsavtala trer i kraft når den er godkjent av kommunestyra i alle deltakarkommunene.

Kommunelova § 18-4 andre ledd regulerer mynde til å gjere endringar i samarbeidsavtalen. Følgjande endringar må gjerast av den enkelte fylkesting og kommunestyre som er medlem, sjå kommunelova § 18-4 fjerde ledd:

- a. «rådet's navn
- b. om rådet er et eget rettssubjekt
- c. hvor mange medlemmer den enkelte deltakeren skal ha i representantskapet
- d. hvilke saker rådet skal kunne behandle
- e. hvilken myndighet som er lagt til rådet
- f. den enkelte deltakerens eierandel i rådet og ansvarsandel for rådets forpliktelser hvis ansvarsandelen avviker fra eierandelen
- g. hvordan deltakerne kan tre ut av rådet
- h. hvordan rådet skal oppløses, blant annet hvem som skal ha ansvaret for oppbevaringen av rådets arkiver etter at rådet er oppløst.»

Mynde til å gjerne andre endringar i samarbeidsavtalen som ikkje går fram av opplistinga over ligg til representantskapet, sjå kommunelova § 18-4 tredje ledd. Slike endringar må vedtakast med minst 2/3 av dei gjevne røystene.

Økonomiske konsekvensar:

Av kommunelova § 18-2 følger det at det enkelte medlem har uavgrensa økonomisk ansvar for sin del av Forsvarsforum Vestland IPR sine forpliktingar. Til saman skal kvar sin del utgjere Forsvarsforum Vestland IPR sine samla forpliktingar. Utgifter i samband med møtedeltaking vert dekkja av kvar medlemskommune, medan utgifter til møtelokale, bevertning samt andre kostnader knytt til møtet vert dekkja av Vestland fylkeskommune. Dersom det vert iverksett prosjekt eller tiltak som spring ut av

arbeidet i Forsvarsforum Vestland IPR, skal medlem og eventuelle samarbeidspartar einast om fordeling av kostnader.

Andre kostnader som kjem til gjennom året, til dømes til gjennomføring av konferansar, vert dekkja av forumet sine medlemskommuner etter forutgåande budsjettering og vedtak i forumet.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Kommunelova § 18

Behandling i Kommunestyret 05.03.2026:

Fellesframlegg, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn Fremskrittsparti
Ordførar er fast medlem av representantskapet i Forsvarsforum Vestland IPR.
Varamedlem vert: Varaordførar. For det tilfelle at både ordførar og varaordførar har forfall til representantskapet, så har ordførar rett til å peike ut ein møtande vara for Kinn kommune

Røysting:


Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.
Fellesframlegg v/repr. Djuvik samrøystes vedteke.

KOST- 039/26 Vedtak:

1. Kinn kommune godkjenner samarbeidsavtala for Forsvarsforum Vestland IPR, som vedlagt i saka.
2. Ordførar er fast medlem av representantskapet i Forsvarsforum Vestland IPR.
Varamedlem vert varaordførar.
For det tilfelle at både ordførar og varaordførar har forfall til representantskapet, så har ordførar rett til å peike ut ein møtande vara for Kinn kommune

Vedlegg i saken:

Samarbeidsavtale for Forsvarsforum Vestland IPR



Saksnr.	Utval	Møtedato
040/26	Kommunestyret	05.03.2026

Suppleringsval - Kinn eldreråd

KOST- 040/26 Vedtak:

1. Toril Granheim vert valt som fast medlem i Kinn eldreråd ut valperioden.
2. Dagrun Paris vert valt som vara i Kinn eldreråd ut valperioden.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Toril Granheim vert valt som fast medlem i Kinn eldreråd ut valperioden.
2. Dagrun Paris vert valt som vara i Kinn eldreråd ut valperioden.

Bakgrunn for saka:

Leiar av Kinn eldreråd, Asbjørn Våge har fått innvilga fritak frå sitt verv i eldrerådet. Det må difor veljast nytt medlem i eldrerådet.

Saksopplysningar:

Asbjørn Våge vart i sak FORM 030/26, i møte 24.02.2026, innvilga fritak frå sitt verv som leiar i Kinn eldreråd.

Eldrerådet skal ha 5 medlemmar.

Kommunestyret vel medlemmar og personlege varamedlemmar.

Fleirtalet i rådet må minst ha fylt 60 år på valtidspunktet. Minst 3 medlemmar og deira varamedlemmar skal, så langt praktisk mogeleg, veljast blant innkomne forslag frå pensjonistlag og eldresamanslutningar i kommunen. Våge vart i 2023 valt inn frå Vågsøy pensjonistlag.

Rådet vel sjølv leiar og nestleiar, jf. Kinn kommune sitt politiske delegeringsreglement.

Vurderingar:

Nytt fast medlem skal veljast frå den same gruppa som Våge tilhøyrar; Vågsøy pensjonistlag, jf. kommunelova § 7-10 tredje ledd. Vågsøy pensjonistlag foreslår at Toril Granheim rykker opp frå varamedlem til fast medlem ut valperioden. Så foreslår dei Dagrun Paris som varamedlem i same periode. Paris oppfyller vilkåra som varamedlem i eldrerådet.

Eldrerådet skal sjølv velje ny leiar, samt observatør til Oppvekst- og kulturutvalet i sitt

neste møte.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen økonomiske konsekvensar.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Kommunelova §§ 7-9 og 7-10.

[Politisk organisering og delegering - Kinn kommune](#)


Behandling i Kommunestyret 05.03.2026:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

KOST- 040/26 Vedtak:

1. Toril Granheim vert valt som fast medlem i Kinn eldreråd ut valperioden.
2. Dagrun Paris vert valt som vara i Kinn eldreråd ut valperioden.



Saksnr.	Utval	Møtedato
041/26	Kommunestyret	05.03.2026

Suppleringsval - Kinn forliksråd

KOST- 041/26 Vedtak:

Kinn kommunestyre vel følgjande nytt varamedlem til Kinn forliksråd: Bjarne Holme

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kinn kommunestyre vel følgjande nytt varamedlem til Kinn forliksråd:_____.

Bakgrunn for saka:

Kinn kommunestyre innvilga i K-sak 012/26, i møte 29.01.2026, Martin Ramsdal fritak frå sitt verv som varamedlem i Kinn forliksråd. Det må difor veljast eit nytt varamedlem i forliksrådet.

Saksopplysningar:

Martin Ramsdal var varamedlem i Kinn forliksråd, og vart innvilga fritak frå 29.01.2026. Når eit varamedlem fråtrer sitt verv, foretar kommunestyret nytt val av varamedlem for den tid som er igjen, jf. domstollova § 59 første ledd. Valet foretas som fleirtalsval.

I kvar kommune skal det vere eit forliksråd. Forliksrådet skal ha tre medlemmar og like mange varamedlemmar. Blant medlemmane og varamedlemmane skal det vere både kvinner og menn. Varamedlemmane kallast inn i den rekkefølge dei er oppnemnt. Forliksrådsmedlemmar med varamedlemmar skal veljast av kommunestyret.

Fordi forliksrådsmedlemma er dommarar, gjeld domstollova § 53 også for dei. Føresegna set krav om at forliksrådsmedlemma må vere:

norske statsborgarar
vederheftige
ikkje frådømd stemmerett i offentlege høve

I tillegg inneheld domstollova § 56 visse vilkår:

vedkomande må ha fylt 25 år
vedkomande må vere under 70 år ved starten av valperioden, jf. § 70 andre ledd nr. 1
vedkomande må vere særskilt eigna til oppgåva og beherske norsk skriftleg og munnleg godt

Det går også fram av føresegna at personar som ikkje er busett i kommunen kan nekte å ta imot val.

Spesielt om val av forliksrådsmedlemmar

Som forliksrådsmedlem skal bare personar som ein ser som særleg eigna til oppgåva veljast, jfr. domstollova § 56. Det er viktig for rettsikkerheita til borgarane at kommunene føreteke grundige vurderingar ved val av representantar.

Det vert forventa at kommunene gjev forliksrådsmedlemmar tilstrekkeleg informasjon om forliksrådet generelt, kva arbeidsoppgåver eit forliksrådsmedlem har og omfanget av desse, samt om godtgjering som vert gjeve for arbeidet. Informasjon om dette finnast i tvisteloven kapittel 6, tvistelovsforskrifta og Rundskriv G-2006-5 frå Justis og beredskapsdepartementet om forliksråda og sekretariatene.

Vurderingar:

Kommunestyret skal velje eit nytt varamedlem til forliksrådet, det kan veljast anten ein mann eller ei kvinne, då rådet og varamedlemmane skal bestå av begge kjønn. Den som vert valt til nytt varamedlem, kjem i rekkjefølgje etter dei som er valt tidlegare. Den som vert valt må oppfylle vilkåra som er ført opp under saksopplysningar.

Økonomiske konsekvensar:

Ikkje aktuelt.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

[Domstollova § 27, 53, 56, 57 og 59](#)

Behandling i Kommunestyret 05.03.2026:

Fellesframlegg, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn Fremskrittsparti
Kinn kommunestyre vel følgjande nytt varamedlem til Kinn forliksråd: Bjarne Holme

Røysting:


Fellesframlegg v/repr. Djuvik samrøystes vedteke.

KOST- 041/26 Vedtak:

Kinn kommunestyre vel følgjande nytt varamedlem til Kinn forliksråd: Bjarne Holme

Vedlegg i saken:

Retningslinjer for valg av forliksrådsmedlemmer og skjønnsmedlemmer for periode(2457290)



Kinn kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 26/12488
Sakshandsamar: Mari Halsør
Dato: 26.02.2026

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
042/26	Kommunestyret	05.03.2026

Interpellasjonar

KOST- 042/26 Vedtak:
Utsett til formannskapet.

Behandling i Kommunestyret 05.03.2026:

Innsendar ønskjer at interpellasjonen vert utsett til formannskapet.

KOST- 042/26 Vedtak:
Utsett til formannskapet.

Underliggende sak:
001/26, Interpellasjon - Arbeid med strategisk viktige saker for Kinn
Utsett til formannskapet.



Saksnr.	Utval	Møtedato
001/26	Kommunestyret	05.03.2026
	Formannskapet	

Interpellasjon - Arbeid med strategisk viktige saker for Kinn

KOST- 001/26 Vedtak:

Utsett til formannskapet.

Behandling i Kommunestyret 05.03.2026:

Utsett til formannskapet.

KOST- 001/26 Vedtak:

Utsett til formannskapet.

Vedlegg i saken:

metadata_Interpellasjon og spørsmål